

---

N O T A T   2 0 1 0 – 1 0

---

Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i  
mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og  
Sogn og Fjordane 2008

Torbjørn Haukås

Lars Ragnar Solberg



---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008
<b>Forfattarar</b>	Torbjørn Haukås, Lars Ragnar Solberg
<b>Prosjekt</b>	Økonomisk utvikling på mjøkeproduksjonsbruk med store investeringar(D856)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2010
<b>Tal sider</b>	66
<b>ISBN</b>	978-82-7077-776-1
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	Samdrift, robotfjøs, økonomi, driftsplan, store mjøkebruk, lønsemd, utbyggingsbruk

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgjeiing vedrørande landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Vert finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Strukturendringane i mjølkeproduksjonen er i rivande utvikling. Ei av årsakene er at investeringskostnad for å byggje ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka mykje dei siste åra. I tillegg har ny teknologi framskunda strukturendringane ved at ein må ha store driftseiningar for å kunne forsvare teknologisk fornying.

Frå mange hald har det komme ønskje om at ein treng eit betre grunnlag for å kunne vurde om lønsemda i mjølkeproduksjonen er god nok til å kunne forsvare dei store utbyggingskostnadene som er nødvendige for å kunne byggje ut mjølkeproduksjonen i tråd med nye krav til omfang, dyrevelferd og teknologi. Landbruksavdelingane hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal tok derfor initiativet til ei undersøking blant utbyggingsbruka i mjølkeproduksjonen i dei to fylka.

I denne undersøkinga er driftsplan og investeringsbudsjett for utbygginga vurdert i forhold til oppnådd økonomisk resultat. I tillegg er økonomien hos dei ulike kategoriane av utbyggjarar i dei to fylka vurdert opp mot økonomien i mjølkeproduksjonen på Vestlandet. Mjølkeprodusentane er også intervjua med tanke på produksjon, økonomi og trivsel i etterkant av utbygginga.

Til saman 19 driftseiningar har vore med i undersøkinga. Ei stor takk til alle utbyggjarane som har stilt talmateriale til disposisjon og stilt opp til intervju. Vi takkar også Fylkesmennene i dei to fylka for eit svært interessant oppdrag, og Innovasjon Noreg og Tine for godt samarbeid i prosjektet.

Torbjørn Haukås har vore prosjektleiar, og har saman med Lars Ragnar Solberg skrive notatet. I tillegg ha Kristin Stokke Folstad og Anastasia Olsen jobba med innsamling og bearbeiding av data. Heidi Knutsen har lese gjennom notatet og komme med nyttelege innspel. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for publisering.

Oslo, juni 2010  
Ivar Pettersen



# Innhald

---

SAMANDRAG .....	1
1 INNLEIING .....	3
2 MATERIALE OG METODE.....	5
2.1 Utval.....	5
2.2 Driftsplanar og budsjett.....	5
2.3 Rekneskap .....	5
2.4 Intervju av respondentane og spørjeundersøking .....	6
2.5 Inndeling av respondentane i grupper.....	6
3 REKNESKAPSANALYSE.....	9
3.1 Inndeling av mjølkeprodusentane i ulike grupper.....	9
3.2 Metode og definisjonar .....	9
3.3 Produksjon .....	10
3.4 Arbeidsforbruk .....	16
3.5 Økonomi .....	17
3.5.1 Produksjonsinntekter .....	17
3.5.2 Variable kostnader .....	20
3.5.3 Faste kostnader .....	24
3.5.4 Resultat .....	27
3.6 Soliditet .....	32
3.7 Likviditet.....	34
3.8 Variasjon .....	35
3.9 Jordbruksfrådraget .....	37
4 DRIFTSPLAN OG BUDSJETT I HØVE TIL RESULTAT .....	39
4.1 Samanlikning av investeringsbudsjett med faktisk investering.....	39
4.2 Årsak til avvik frå investeringsbudsjett .....	39
4.3 Analyse av driftsplanar i forhold til resultat .....	40
4.3.1 Produksjon .....	40
4.3.2 Produksjonsinntekter og - kostnader .....	41
4.3.3 Resultat .....	42
4.4 Årsak til avvik mellom resultat og driftsplan .....	43
5 SPØRJEUNDERSØKING .....	45
5.1 Utbygging .....	45
5.2 Produksjon .....	46
5.3 Økonomi .....	48
5.4 Sosiokulturelle faktorar.....	50
6 ANDRE UNDERSØKINGAR .....	53
6.1 «Lykkelig som stor?» - samdriftsundersøking i Namdalen.....	53
6.1.1 Økonomi .....	53
6.1.2 Sosiokulturelle aspekt.....	54
6.1.3 Samanlikning mellom undersøkinga i Namdalen og undersøkinga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal .....	54
6.1.4 Investeringar på driftsgranskingsbruk .....	55

6.2	Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk .....	56
7	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON .....	57
7.1	Konklusjon.....	57
7.2	Punktvis oppsummering.....	57
7.2.1	Rekneskapsanalyse .....	57
7.2.2	Driftsplan og budsjett samanlikna med resultat .....	58
7.2.3	Spørjeundersøking .....	58
7.2.4	Namdalen.....	59
7.2.5	Investeringar på driftsgranskingsbruk .....	59
7.2.6	Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk.....	59
	REFERANSAR .....	61
	VEDLEGG .....	63

# Samandrag

---

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning har på oppdrag frå landbruksavdelingane hos fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal utført ei undersøking av økonomi og sosiale forhold blant mjølkeprodusentar som har hatt stor utbygging av produksjonen i dei to fylka i perioden 2002 til 2007.

Det er samla inn reknescapar for 2008 for i alt 19 produsentar, 11 i Møre og Romsdal og 8 i Sogn og Fjordane. Det var med i alt 13 samdrifter og 6 enkeltbruk. For samdrifter er det samla inn reknescap frå selskapet og dei aktive deltakarane. Utvalet er gjort av Innovasjon Noreg i dei to fylka i samråd med landbruksavdelingane. I utvalet var det også med 5 robotfjøs, 4 i Sogn og Fjordane og 1 i Møre og Romsdal. I tillegg er dei 19 produsentane intervjua med tanke på vurdering av eigen situasjon etter satsinga.

Resultatet frå rekneskapsanalyesen viser at det er stor spreying i resultatet mellom dei ulike produsentane. Prosjektdeltakarane oppnådde eit snitt på kr 204 000 per årsverk i vederlag til alt arbeid og eigenkapital. Dette er kr 22 000 meir enn referansegruppa (Mjølkebruk på Vestlandet, driftsgranskingsane). Best resultat finn vi blant utvalsbruka frå Sogn og Fjordane med vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk på kr 238 000. Gruppa med robotfjøs har svakast resultat uavhengig av resultatmål. Ingen av deltakarbruka kan karakteriserast som bruk med økonomiske vanskar. Soliditet og likviditet var god for alle deltakarane i prosjektet.

Ei viktig oppgåve i prosjektet var å undersøke om driftsplanane som var laga i samband med satsinga, var i tråd med faktiske resultat med tanke på investeringskostnad og driftsresultat. På grunn av ulik organisering av drifta var det vanskeleg å samanlikne driftsplan og rekneskap. Etter ein grundig gjennomgang av ulike delar av rekneskapen for 2008, fann vi at gjennomsnittleg investering var om lag 5 prosent større enn budsjettet. Det var store avvik begge vegar, slik at standardavviket var høgt. Årsak til budsjettsprekk var underkalkulering av delar av utbygginga. Lågare kostnader skuldast i hovudsak auka eigeninnsats. Produksjonsomfanget i 2008 var mykje høgare enn planlagt. Mjølkeproduksjonen var 40 prosent høgare enn i driftsplanen. Driftsoverskotet var i snitt 4 prosent høgare i rekneskap enn i driftsplan. Her var det også store avvik begge vegar. På inntektssida bidrog auka produksjon positivt. På kostnadssida var det avvik på faste kostnader, avskrivingar og renter.

Kvar utbygger svarte også på eit spørjeskjema der han skulle vurdere produksjon, økonomi og sosiokulturelle faktorar. Respondentane var godt nøgde med produksjonen etter utbygginga. Ingen hadde hatt store innkjøringsvanskar, og dei var komne raskt i produksjon. Kvalitet på mjølk var god både før og etter utbygging, det same galdt for dyrehelse. Respondentane var ikkje nøgde med økonomien etter utbygging. Dei var klare på at dei hadde svak økonomi samanlikna med andre yrkesgrupper. Ingen av dei spurde angra på utbygginga. Dei treivst godt i kvar dagen og såg positivt på framtida, og mange hadde planar om ytterlegare utbygging.

Undersøkinga viser at det var mogeleg å bygge ut mjølkeproduksjonen i den grad som er føreteke under dei rammevilkåra som galdt i den aktuelle perioden. Det økonomiske resultatet er på nivå med andre mjølkeprodusentar i regionen. Utbyggjarane er svært utsette for endringar i rammevilkår, som til dømes renteendringar.



# 1 Innleiing

---

Mjølkeproduksjonen er inne i ei rivande utvikling. Gjennomsnittsprodusenten i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er framleis liten, middels mjølkekvote i 2008 var 74 400 liter i Sogn og Fjordane og 102 700 i Møre og Romsdal.<sup>1</sup> Ved ein produksjon på 6 500 liter pr årsku tilsvrar dette høvesvis 11,4 og 15,8 årskyr. Mange av driftsbygningane er gamle og treng fornying. Dette er ofte aktuelt ved generasjonsskifte eller ved innføring av nye krav til bygning på grunn av dyreforskrifter eller miljøkrav. Spørsmålet for produsenten vert ofte om ein skal satse og utvide produksjonen, eller om ein skal selje eller leige ut mjølkekvoten.

Storleiken på investeringar i ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka dramatisk dei siste åra. Grunnen er både auke i byggjekostnader, men mest på grunn av storlek på bygget. Krav til ferie og fritid gjer at mange satsar på mjølkerobot, og då må produksjonsomfanget aukast monaleg. Utbyggingane i mjølkeproduksjonen har på få år auka i ramme frå 1–2 mill. til 10–12 mill. kroner. Produsenten treng meir areal og mjølkekvote, og dette kan ordnast ved å gå saman med nabo(ar) i samdrift eller leige eller kjøpe tilleggsareal og kvote.

Det er ofte spørsmål om lønsemada i mjølkeproduksjonen er god til at det løner seg å byggje ut i ein slik storleik, og om grunnlaget for å ta slike store avgjelder er tilfredsstillande. Ein har til no hatt avgrensa datagrunnlag for å gjere slike vurderingar, og det var eit ønskje om at ein skulle få ei vurdering av lønsemada på store utbyggingar i mjølkeproduksjonen. Landbruksavdelingane hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen i Møre og Romsdal tok initiativet til ei undersøking blant mjøkeprodusentar som har hatt ei større utbygging av mjølkeproduksjonen dei siste åra. Formålet var å undersøkje økonomien blant utbyggjarane. I tillegg ønskte dei å vurdere om driftsplanane som vart laga før utbygginga, var realistiske i forhold til det faktisk oppnådde økonomiske resultatet. Det var også viktig å sjekke om investeringsbudsjetta var tråd med faktisk utbyggingskostnad, slik at ein kunne vurdere arbeidet til rådgjevingsatenesta. Andre faktorar rundt drifta er også viktig å kartlegge. Det gjeld faktorar som arbeidsmiljø, samarbeid, dyrevelferd og trivsel. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) fekk i oppdrag å gjere ei undersøking rundt desse problemstillingane.

---

<sup>1</sup> Statens landbruksforvaltning 2008



## 2 Materiale og metode

---

### 2.1 Utval

I denne undersøkinga er det gjort eit utval av driftseiningar i mjølkeproduksjonen i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette gjeld produsentar som har investert tungt i perioden 2002 til 2007. Utvalet er gjort av Innovasjon Noreg i samarbeid med landbruksavdelingane hos Fylkesmannen i dei to fylka. Det er såleis ikkje gjort eit tilfeldig utval av produsentane, men representantane for Innovasjon Noreg og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i dei to fylka meiner at utvalet er representative for utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i dei to fylka i perioden 2002–2007. Utvalet kan likevel vere ei mogeleg feilkjelde for resultatet.

I alt er det undersøkt åtte produsentar i Sogn og Fjordane og 11 produsentar i Sogn og Fjordane. I utvalet er det tretten samdrifter og fem enkeltbruk. Blant produsentane i utvalet er det fem fjøs med robotmjølking. Utvalet skulle dermed samsvare bra med tanke på organisasjonsform, storleik og val av teknisk løysing i driftsbygningane.

### 2.2 Driftsplanar og budsjett

Alle utbyggingsane vart gjort med støtte frå Innovasjon Noreg, og det var utarbeidd driftsplan for samtlege produsentar. Ein viktig del av denne undersøkinga har vore å sjekke faktisk utbyggingskostnad mot investeringsbudsjett i driftsplan. I tillegg er planlagt driftsresultat i driftsplan sjekka mot faktisk driftsresultat i 2008.

Driftsplanane var svært ulike i utforming og innhald, og det var nytta ulik programvare til driftsplanane. Norkap, Ørt og Sundøk var representerte i utvalet. Nokre planar var nokså detaljerte både med tanke på spesifisering av investeringar og resultatmål i driftsplan. For nokre sentrale resultatmål var det mogeleg å finne samanliknbare data frå samtlege 19 driftsplanar, som til dømes samla investering i utbygginga og driftsoverskot for drift etter investering (2008). For dei andre resultatmåla varierer tal observasjonar mellom 15 og 19.

Eit metodisk problem som dukka opp, var at driftsplanane i enkelte tilfelle berre var laga for ein av partnarane, den som hadde nybygget på eigedommen sin. I andre tilfelle er driftsplanen laga for samdrifta (selskapet), og i nokre tilfelle er driftsplanen laga for både samdrifta og partnarane. For å kunne samanlikne driftsplan med rekneskapsresultat, er derfor deler av konsernrekneskapen for samdrifter nytta i samband med dette. Er til dømes driftsplanen laga for ein av utbyggjarane, er det rekneskapsresultatet for den eine partnaren som er nytta i samanlikninga.

### 2.3 Rekneskap

Skatterekneskap for 2008 ligg til grunn for undersøkinga. Det er samla inn skatterekneskap for alle enkeltbruka. I tillegg er det for samdriftene samla inn rekneskap frå selskapa og for alle dei aktive partnarane. Skatterekneskapa er omarbeidde til driftsrekneskap i tråd med retningslinjene for driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

For å kunne samanlikne resultat i samdrifter med enkeltprodusentar er det nytta resultat frå selskapet i tillegg til rekneskapen til dei aktive partnarane i samdrifta. Interne posteringer mellom partnarane er fjerna slik at det er det økonomiske resultatet for «konsernet» (selskapet i tillegg til deltakarane i samdrifta) som ligg til grunn. Dette er gjort av fleire ulike grunnar.

Resultatet for samdrifta vert dermed samanliknbar med enkeltbruka og med driftsgranskningane i jord- og bruk. I tillegg unngår vi at resultatet i samdrifta er påverka av ulik prising på innsett kapital frå partnarane (leige av bygningar, kvote, areal og dyr) eller at grovføret er ulikt prisa frå partnaren inn mot selskapet. Utbetalt arbeidsvederlag frå samdrifta til deltakarane er fjerna, slik at driftsoverskotet frå konsernet skal dekke kapitalgodtgjering og innsett arbeid. Alle tilskot som vedrører mjølkeproduksjonen, inngår også dermed i driftsresultatet. Ulempa med ein slik metode er at sideproduksjonar hos ein eller fleire av deltakarane i selskapet kjem med i det samla konsernresultatet. I vårt tilfelle er innslaget av andre produksjoner så lite at vi har valt å sjå bort frå det.

## 2.4 Intervju av respondentane og spørjeundersøking

Alle dei nitten produsentane i prosjektet er intervjua i samband med prosjektet. Sytten av dei er også besøkte i samband med intervjuet, medan to av intervjuet er tekne over telefon. For å kartlegge innsett kapital i jordbruksdrifta, er alle investeringar registrerte med investeringsår og innkjøpspris og sett inn i driftsbalansen etter historisk kost-prinsippet. Respondentane er har oppgitt areal og avlingar for driftsåret 2008. I tillegg er arbeidsforbruk for jordbruk registrert både i på eigne bruk og i samdrifta i tråd med prinsipp for oppsetting av driftsrekneskap.

For å kartlegge oppfattinga til respondentane med omsyn til produksjon, økonomi og sosiokulturelle aspekt, vart det utarbeidd eit spørjeskjema som vart utfylt i samband med besøket hos produsenten. For samdriftene vart det gjort ved at dei aktive partnarane fylte ut skjemaet i fellesskap og kom fram til konsensus på dei ulike spørsmåla. Styrken ved denne metoden er at vi då har eitt skjema for kvar driftseining. Ulempa kan vere at eventuell usemjøle blant partnarane om ulike spørsmål ikkje kjem tydeleg nok fram .

## 2.5 Inndeling av respondentane i grupper

Alle dei nitten produsentane som er omfatta av denne undersøkinga, har føreteke ei relativt stor utbygging av mjølkeproduksjon i åra 2002 til 2007. Produksjonen av mjølk i 2008 varierte frå 106 tonn til 465 tonn mjølk med eit snitt på 300 tonn omsett mjølk. Vi har valt å dele inn bruka etter fylke (Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal), etter organisering (enkeltbruk eller samdrift) eller mjølkesystem (robotfjøs eller mjølkestall). I tillegg har vi valt å samanlikne resultata med gjennomsnittsmjølkebruket på Vestlandet i driftsgranskingane for jord- og skogbruket for Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal for 2008). Vi har også delt inn produsentane i høg- og låggruppe etter resultatmålet vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Høggruppa er dei seks produsentane med best resultat for resultatmålet, medan låggruppa er dei seks produsentane med svakast resultat blant dei undersøkte i prosjektet.

Tabell 2.1 Fordeling av dei 19 ulike mjølkeprodusentane i grupper

	Alle prosjekt- bruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sam- drifter	Enkelt- bruk	Robot- fjøs	Bruk utan robot
Alle prosjektbruk	19	8	11	13	6	5	14
SF	8	8	0	7	1	4	4
MR	11	0	11	6	5	1	10
Samdrifter	13	7	6	13	0	5	8
Enkeltbruk	6	1	5	0	6	0	6
Robotfjøs	5	4	1	5	0	5	0
Utan robot	14	4	10	8	6	0	14
Høggruppe	6	4	2	5	1	1	5
Låggruppe	6	2	4	4	2	3	3



# 3 Rekneskapsanalyse

---

## 3.1 Inndeling av mjølkeprodusentane i ulike grupper

Dei ulike kategoriane er *Vestlandet* (64 Driftsgranskingsbruk med mjølk frå Hordaland (14), Sogn og Fjordane (16) og Møre og Romsdal (34) i 2008<sup>2</sup>), *Alle prosjektbruk*, *Sogn og Fjordane* (alle prosjektbruk frå Sogn og Fjordane – 8 stk.), *Møre og Romsdal* (alle prosjektbruk frå Møre og Romsdal – 11 stk.) , *Samdrifter* (alle prosjektbruk som er ei samdrift – 13 stk.), *Enkeltbruk* (alle prosjektbruk som er eit enkeltbruk – 6 stk.), *Robotfjøs* (alle prosjektbruk som har mjølkerobot – 5 stk.) og *Bruk utan robot* (bruk som ikkje har mjølkerobot – 14 stk.). Av samdriftene ligg 7 i Sogn og Fjordane og 6 i Møre og Romsdal. Fem av enkeltbruka ligg i Møre og Romsdal medan eitt ligg i Sogn og Fjordane. Fire av fem robotfjøs ligg i Sogn og Fjordane. Desse kategoriane varierer i storleik og omfang slik at variablane i dette kapittelet er standardiserte i forhold til fellesnemnar som årskyr, årsverk, aktive deltagarar osv. Dette er gjort for at ein lettare skal kunne samanlikne ulike kategoriar og deira resultatmål, kostnader, inntekter osb.

## 3.2 Metode og definisjonar

Dei 19 bruka som har delteke i prosjektet, har levert inn skatterekneskap for enkeltbruket eller samdrifta og for dei aktive deltagarane i samdriftene. Dei passive deltagarane i samdriftene har ein behandla som eksterne aktørar. Tala som vert presenterte, er gjennomsnitta av alle produsentane eller gjennomsnitta til ulike underkategoriar av produsentane. Ein har også valt å ta med gjennomsnitta av alle bruka i frå Vestlandet som er med i Driftsgranskingane, og som har mjølk spesialisert som driftsform. Desse bruka kan brukast som ei referansegruppe for prosjektdeltakarane.

Eitt eksempel kan vere nyttig: Kraftførkostnader per årsku presenterer dei totale kraftførkostnadene for bruket delt på tal årskyr. Det er *ikkje* dei direkte kraftførkostnadene som er knytte til kvar enkelt årsku. Dei totale kraftførkostnadene varierer med kr 400 000 mellom kategoriane Vestlandet og Alle prosjektbruk. Det blir dermed vanskeleg å gjere ei fornuftig samanlikning på grunn av ulikt produksjonsomfang. Vi har derfor valt å bruke årskyr som felles samanlikningsgrunnlag slik at det skal bli enklare å analysere tala frå dei ulike kategoriene.

Alle skatterekneskapane er omarbeidde til driftsrekneskapar. Eit driftsrekneskap er annleis enn eit skatterekneskap. Dei viktigaste skilnadene er avskrivingsmetode, verdsetjing av balanse og ein del resultatkontoar. I eit skatterekneskap nyttar ein saldoavskrivingar, medan i driftsrekneskapen her er nytt lineære avskrivingar. Under viser ein den generelle oppbygginga av driftsrekneskapen.

---

<sup>2</sup> Driftsgranskinger i jord- og skogbruk (NILF 2009)

- Husdyrprodukt, jordbruk
  - + Planteprodukt, jordbruk
  - + Andre inntekter inkludert tilskot
  - = **Produksjonsinntekter, jordbruk**
  - Variable kostnader, jordbruk
  - = **Dekningsbidrag inkludert tilskot, jordbruk**
  - Faste kostnader
  - = **Resultat før avskrivingar, jordbruk**
  - Avskrivingar
  - = **Driftsoverskot, jordbruk**
  

  - + Driftsoverskot, pelsdyr
  - + Driftsoverskot, skogbruk
  - + Driftsoverskot, anna næring
  - + Driftsoverskot, tilleggsnæring
  - + Lønsinntekter
  - + Pensjonar og sjukepengar
  - + Årlege erstatningar
  - + Renteinntekter
  - Renteutgifter
  - Kår
  - = **Nettoinntekt**


  

  - Driftsoverskot, jordbruk
    - Kalkulert rente av egedelar i jordbruket
    - = **Familiens arbeidsforteneste i jordbruket**
    - + Kostnader til leigd arbeid
    - = **Lønsevne**
  

    - Driftsoverskot, jordbruk
      - + Kostnader til leigd arbeid
      - Jordbruks del av gjeldsrenter og kår
      - = **Vederlag til arbeid og eigenkapital**


### 3.3 Produksjon

Figur 3.1 viser totalt jordbruksareal og den delen som er leigd areal. Ein ser at Vestlandet og Alle prosjektbruk vert kjenneteikna ved at det er store skilnader i totalt jordbruksareal. Robotfjøsa er den kategorien med høgast jordbruksareal og leigd areal. Høgast prosentdel med leigjord finn vi hos Robotfjøs med 41 prosent og lågast hos Enkeltbruk med 28 prosent . Middel for Alle prosjektbruk var 35 prosent og for Vestlandet 37 prosent .




Figur 3.1 Jordbruksareal og leidg areal, dekar

Avlingar per dekar seier noko om typen areal som dei ulike kategoriane har på brukane sine, og kor intensivt areala vert nytta. Ein ser at Alle prosjektbruk har noko betre avlingar per dekar enn Vestlandet - nesten 50 FEm per dekar. Det er også ein markant skilnad mellom fylka i avlingar per dekar på nesten 80 FEm i favør av Møre og Romsdal.




Figur 3.2 Grovfôravlingar per dekar, FEm

Årskyr er ein viktig målestokk for storleiken på produksjonsomfanget, og ei mykje brukt produksjonseining i jordbruket. Vestlandet har 18,5 årskyr, medan Alle prosjektbruk har 44,4 årskyr. Ein ser også at Robotfjøs har flest årskyr med 61,7 årskyr. Jordbruksarealet ovanfor og tal årskyr er med å danne eit bilde av kva type produsentar vi har med i utvalet. Vestlandet er relativt små bruk målt i både areal og årskyr samanlikna med Alle prosjektbruk. Alle prosjektbruk er dobbelt så store målt i både areal og årskyr.




*Figur 3.3 Tal årskyr for dei ulike kategoriane*

Eigedelar i alt i jordbruket varierer mykje mellom kategoriane. Derfor er innsett kapital i jordbruket (eigedelane) delt på tal årskyr for dei ulike kategoriane. Vestlandet har omlag kr 50 000 lågare verdi på eigedelar i alt per årsku enn Alle prosjektbruk, og ein ser ut av figuren nedanfor at denne skilnaden hovudsakleg kjem i frå verdien på driftsbygningane. Ein ser også at Enkeltbruk har dei desidert største verdiane på eigendelar i alt per årsku og driftsbygningane per årsku. Dette skuldast høge investeringar i hove til tal årskyr.




Figur 3.4 Eigedelar i alt (jordbruk) per årsku

Grovfør- og beiteareal per årsku er eit godt mål på tilgangen til grovfør og beiteareal. Ein ser at Vestlandet og Alle prosjektbruk har tilnærma likt tal dekar per årsku, men Enkeltbruk har det høgaste talet av alle kategoriene. Robotfjøs har minst grovførareal per årsku sjølv om dei har det største totale jordbruksarealet per driftseining. Dette kan tyde på at Robotfjøs har mindre grovfør- og beiteareal enn andre bruk målt per årsku, og må tilpasse produksjonen etter det. Robotfjøsa har også minst omsett storfekkjøt per årsku.




Figur 3.5 Grovfør- og beiteareal per årsku, dekar

Mjølk per årsku eller gjennomsnittleg yting frå ei årsku er eit viktig resultat som speglar driftsopplegget blant produsentane. Alle prosjektbruk produserer meir enn 500 kg meir mjølk per årsku enn Vestlandet. Dette utgjer ein vesentleg skilnad mellom dei to kategoriene.




Figur 3.6      *Mjølk per årsku, kg*

Det er store skilnader mellom Vestlandet og Alle prosjektbruk når ein ser på omsett mjølk og mjølkekvote per driftseining mellom gruppene. Vestlandet har nesten berre ein tredjedel av mjølkeproduksjon per driftseining samanlikna med Alle prosjektbruk. Robotfjøs omset over 430 000 liter mjølk – noko som er høgst blant kategoriene. Når det gjeld grad av kvotefylling, er det små skilnader mellom kategoriene. Med unnatak av Sogn og Fjordane som har kvotefylling på 98 prosent og Møre og Romsdal som har 93 prosent, ligg resten av gruppe- ne rundt 95 prosent kvotefylling.



*Figur 3.7      Omsett mjølk og mjølkekvote, liter*


Ei anna kjelde til inntekter i jordbruket for produsentane i analysen, er omsett storfekjøt. Det er store skilnader mellom kategoriane med tanke på omsett storfekjøt per årsku. Noko av dette kan forklaraast i tilgang på grovfôr og bygningskapasitet. Robotfjøs ser ut til å vere mykje meir spesialiserte opp i mot mjølk enn bruk utan robot. Arealgrunnlaget per årsku kan vere medverkande faktor. Elles så ser vi at omsett kjøt per årsku er 32 prosent høgare for prosjektbruka enn for gjennomsnittsbruket for Vestlandet.



Figur 3.8      Omsett storfekjøt per årsku, kg

### 3.4 Arbeidsforbruk

Ein viktig målestokk for effektivitet er arbeidsinnsats i mjølkeproduksjonen i timer per årsku. Vestlandet har flest timer per årsku, men dei har også færrest årskyr. Timebruken per årsku varierer mykje mellom gruppene. Viktigaste årsaker er ulikt omfang av kjøtproduksjon og storleik på buskap. Samdrifter har færre timer enn Enkeltbruk som ligg om lag som referansegruppa Vestlandet. Robotfjøsa har færrest timer i jordbruket per årsku. Robotfjøsa er dei mest spesialiserte innanfor mjølkeproduksjon og har flest årskyr, Mjølkeroboten bidrar til ein meir effektiv arbeidsinnsats. Kategorien Bruk utan robot har meir slaktedyr og færre årskyr, slik at noko av det høge arbeidsforbruket kan forklara med høgare kjøtproduksjon i tillegg til mjølk.




Figur 3.9      *Arbeidsinnsats (jordbruk) per årsku, timer*

Arbeidsinnsats utanfor jordbruksområdet inkluderer lønsarbeid, arbeid i skog, arbeid med tilleggsnæring, arbeid med anna næring og arbeid på nyanlegg. I denne undersøkinga er fullstendig registrering av all arbeidsinnsats for familien berre gjort for enkeltbruk. For samdrifter er det berre dei aktive deltakarane sin innsats som er registrert. Ser vi på arbeidsinnsats utanom jordbruksområdet per bruk, har Enkeltbruk færre timer utanom bruket enn Vestlandet (17 %). For samdriftene ser vi at dei aktive deltakarane i Robotfjøs har flest arbeidstimer utanom bruket. Ei investering i jordbruksområdet kan føre til både større eller mindre arbeidsinnsats utanfor jordbruksområdet. Årsaka til investeringa kan vere å frigjere arbeidstimer til ulike formål.

## 3.5 Økonomi


### 3.5.1 Produksjonsinntekter

Produksjonsinntektene per årsku er ganske stabile mellom dei ulike kategoriane, men Bruk utan robot har kr 10 000 meir enn Robotfjøs i produksjonsinntekter per årsku. Bruk utan robot har mindre produksjonsomfang enn Robotfjøs, og har dermed færre årskyr. Bruka utan mjølkerobot har også høgare slakteinntekter per årsku og høgare samla tilskot per årsku enn bruk med mjølkerobot. For dei andre gruppene ligg produksjonsinntekter per årsku rundt kr 60 000 inkludert tilskot.




Figur 3.10 Produksjonsinntekter medrekna tilskot per årsku

Mjølkeinntekter per årsku er stabile mellom gruppene, og følgjer i stor grad den same trenden som mjølk per årsku gjorde. Alle prosjektbruk har omlag kr 1 500 meir i mjølkeinntekter per årsku enn Vestlandet. Dette skuldast høgare yting per årsku




Figur 3.11 Mjølkeinntekter ekskl. tilskot per årsku for ulike grupper av produsentar

Slakte- og livdyrinntekter frå storfe per årsku er kr 7 000 mindre i Robotfjøs enn Bruk utan robot. Årsaka er mykje lågare produksjon av slaktedyr. Mangel på areal kan vere ein avgrensende faktor for i robotfjøsa. Ei forklaring kan vere at robotfjøsa vel å utnytte kapasiteten på robot og bygningar til å produsere maksimalt med mjølk i staden for å nytte delar av grovføret til å ale opp slaktedyr. Dei totale inntektene frå storfeslakt og livdyr er mykje høgare for Bruk utan robot.




Figur 3.12 Slakte- og livdyrinntekter (storf) per årsku

Dei totale tilskota i jordbruket per driftseining viser at prosjektbruka i sum får om lag dobbelt så mykje tilskot som gjennomsnittsmjølkebruket på Vestlandet. Medan Vestlandet får under kr 400 000 per driftseining, så får Robotfjøsa over kr 800 000 i samla årlege driftstilskot.



Figur 3.13 Tilskot i alt per driftseining (både produksjonsuavhengige og -avhengige)


Ser vi derimot på figur 3.14, viser han at Robotfjøs får rundt kr 5 000 mindre per årsku enn Vestlandet. Robotfjøset har størst produksjonsomfang, og fleire tilskot minkar per eining med aukande omfang. Mindre kjøtproduksjon genererer også mindre tilskot. Det er viktig å understreke at det er dei samla tilskota i jordbruket som er med i denne figuren, og ikkje berre tilskot som er knytt til mjølkeproduksjonen.



Figur 3.14 Tilstok i alt (både produksjonsuavhengige og -avhengige) per årsku


### 3.5.2 Variable kostnader

Den mest interessante skilnaden mellom kategoriane i figur 3.15 er mellom Robotfjøs og Bruk utan robot. Her ser ein at robotfjøsa har om lag kr 4 000 mindre i variable kostnader per årsku enn Bruk utan robot. Dette kan bety at robotfjøsa har visse stordriftsfordelar i forhold til brukta utan robot, men den viktigaste årsaka er at Bruk utan robot har langt større kjøtproduksjon per årsku og dermed høgare variable kostnader, utanfor sjølve mjølkeproduksjonen. Alle prosjektbruk har også høgare variable kostnader per årsku enn Vestlandet. Skilnaden skuldast hovudsakleg ulik kjøtproduksjon.




Figur 3.15 Variable kostnader i alt per årsku

Kraftførkostnadene i alt per årsku varierer noko mellom kategoriane, og ein ser størst skilnad mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i figuren nedanfor. Dette kan skuldast fleire årsaker, men ei av årsakene er at bruk i Sogn og Fjordane har noko sau, og dette er med på å dra opp dei samla kraftførkostnadene. Ei anna årsak er at det mindre grovførareal per årsku og lågare avling per dekar i Sogn og Fjordane. Robotfjøsa, som det er mange av i Sogn og Fjordane, har derimot relativt lave kraftførkostnader per årsku samanlikna med Bruk utan robot. Hovudårsaka er som vi har nemnt før, at dei produserer lite kjøt per årsku.




Figur 3.16 Kraftførkostnader i alt per årsku

Kostnader til medisin og veterinær er relativt stabile mellom dei ulike kategoriene. Den største skilnaden finn ein mellom Robotfjøs som har rundt kr 1 100 per årsku, medan Vestlandet har omlag kr 1 500 per årsku. Dette kan tyde på at robotmjølking er gunstig for dyrehelsa, men omfanget av kjøtproduksjon kan òg ha sitt å seie.




*Figur 3.17 Kostnader til medisin og veterinær per årsku*

Det er store skilnader i kostnader til kjøp av storfe både mellom gruppene og brukene i kvar gruppe. Nokre har brukte fleire hundretusen kroner på kjøp av storfe, medan andre ikkje har kjøpt dyr. I gjennomsnitt har Robotfjøs kjøpt storfe for kr 800 per årsku, medan Bruk utan robot har kjøpt storfe for kr 1 900 per årsku. Nokre av brukene er i ferd med å byggje opp buskapen eller dei kjøper inn slaktedyr i tillegg.



Figur 3.18 Kostnader til kjøp av storfe per årsku


Kalk- og gjødselkostnader per dekar viser også små skilnader, men figur 3.19 at Robotfjøs har kr 126 per dekar og bruk utan robot har kr 163 per dekar.



Figur 3.19 Kalk- og gjødselkostnader per dekar


### 3.5.3 Faste kostnader

Dei faste kostnadene per årsku er meir eller mindre dei same for Alle prosjektbruk og Vestlandet. Det er igjen nokre skilnader mellom fylka, og mykje tyder på at denne skilnaden ligg i at det er fleire robotfjøs i Sogn og Fjordane enn i Møre og Romsdal i vårt utval. Robotfjøs har over kr 5 000 mindre i faste kostnader per årsku enn Bruk utan robot. Stordriftsfordelane er ei viktig forklaring.




Figur 3.20 Faste kostnader ekskl. avskrivinger per årsku

Kostnader til leigd arbeid og avløysar per årsku er under kr 500 for Robotfjøs og kr 4 500 for Bruk utan robot. Dette tyder på at robotfjøsa har nok arbeidskraft sett i høve til behovet, og ikkje treng å leige inn arbeidskraft, medan behovet for innleidt arbeidskraft er langt større for brukta utan robot. Vi ser også at kostnader til leigd arbeid per årsku er lågare for samdrifter enn for enkeltbruk, noko som samsvarer med driftsgranskingane.




Figur 3.21 Leigd arbeid og avløysarkostnader per årsku

Vedlikehald av driftsbygningar er større på Vestlandet enn på Alle prosjektbruk, og ein kunne kanskje vente seg at skilnaden skulle vore enda større. Bruka som er med i prosjektet, har alle investert i ny bygning, men dei har investert på ulike tidspunkt slik at nokre hadde sikkert ein del etterarbeid i samanheng med utbygginga i rekneskapsåret 2008. Det vert dermed ikkje så store skilnader som ein kanskje kunne vente seg.




Figur 3.22 Vedlikehald av driftsbygningar per årsku

Maskinleige og leasing per årsku viser at Alle prosjektbruk har nesten kr 1 500 høgare kostnader per årsku enn Vestlandet. Ein ser også ein stor skilnad mellom dei to fylka. Maskinleige og leasing har vore ein veksande kostnadspost i dei siste åra, og ein ser at denne trenden er sterkare i Møre og Romsdal enn Sogn og Fjordane. Det er ikkje registrert leasingkostnader på prosjektbruka i Sogn og Fjordane. Leasing er omfattande på prosjektbruka i Møre og Romsdal. Liknande funn er gjort i ei undersøking av leasing i landbruket (Haukås, Hovland og Olsen 2007) der ein fann at to tredelar av leasingkostnader i jordbruket på Vestlandet skreiv seg frå Møre og Romsdal.



*Figur 3.23 Maskinleige og leasing per årsku*


Administrasjonskostnader er ein samlepost i driftsrekneskapen som inkluderer rekneposten, telefon- og IT-kostnader, bruk av privatbil i jordbruket med meir. Ein ser at Vestlandet har om lag kr 500 meir enn Alle prosjektbruk i administrasjonskostnader per årsku. Ein ser også at Enkeltbruk har dei lågaste kostnadene per årsku av dei ulike kategoriene i figur 3.24. Tal frå driftsgranskningane viser også at samdriftene har høgare administrasjonskostnader enn enkeltbruk ved same produksjonsomfang. Metodikken som er nytta, er noko av årsaka. Det kjem med administrasjonskostnader både frå selskap og deltarar i samdrifta noko som er korrekt i høve til faktiske kostnader. Ved å gå i samdrift, får ein også ein ekstra rekneskap som tilleggskostnad.



Figur 3.24 Administrasjonskostnader per årsku


### 3.5.4 Resultat

Figur 3.25 viser den same tendensen mellom Robotfjøs og Bruk utan robot. På grunn av lågare kjøtinntekter er dekningsbidraget lågare på Robotfjøs enn Bruk utan robot. For dei andre gruppene er det svært små skilnader i dekningsbidrag per årsku.



Figur 3.25 Dekningsbidrag inkl. tilskot per årsku


Dei faste kostnadene ekskl. avskrivningar per årsku, som er skilnaden mellom dekningsbidrag per årsku og resultat før avskriving per årsku, varierte ein del mellom dei ulike kategoriene, og det speglar også skilnadene i figur 3.26. Resultat før avskriving per årsku viser mindre skilnader mellom Robotfjøs og Bruk utan robot enn dekningsbidraget per årsku ovanfor. Ein ser også at Sogn og Fjordane og Enkeltbruk har ein positiv tendens i forhold til dei andre kategoriene.



Figur 3.26 Resultat før avskriving per årsku


Avskrivningar per årsku er dei totale avskrivningane delt på tal årskyr. Ein ser av figur 3.27 at Sogn og Fjordane, Enkeltbruk og Robotfjøs har dei høgaste avskrivningane per årsku, og at Vestlandet har dei lågaste.

Alle prosjektbruk har høgare avskrivningar per årsku enn Vestlandet, noko som er naturleg etter at dei har vore gjennom ei tung investering i driftsbygning.



Figur 3.27 Avskrivingar per årsku


Driftsoverskotet per årsku er lågast for Robotfjøs, men dei er også dei mest spesialiserte mjølkeprodusentane blant kategoriene, og har dermed flest års skyr. Nok ein gong er det mindre produksjon av kjøt som er årsaka til at resultatet er lågare for Robotfjøs enn for dei andre gruppene i tillegg til store avskrivingar.



Figur 3.28 Driftsoverskot (jordbruk) per årsku


I tillegg til å vise driftsoverskot per årsku, har vi valt å vise driftsoverskot per driftseining (bruk). Driftsoverskotet per driftseining vil i stor grad vere proporsjonalt med produksjonsomfang. Figur 3.29 viser at Alle prosjektbruk har meir enn dobbelt så stort driftsoverskot som

Vestlandet. Vi ser at Robotfjøs har høgast driftsoverskot per driftseining medan Enkeltbruk har lågast blant grupper av utbyggingsbruk.



Figur 3.29 Driftsoverskot jordbruk per driftseining

Renteutgifter per årsku er høgast for Robotfjøs og lågast for Vestlandet. Dette er ikkje ei stor overrasking sidan Vestlandet ikkje har investert så mykje som Robotfjøs. 2008 var også eit år med ei høg rente i store delar av året, og ein ser ut av figuren nedanfor at Robotfjøs er svært sensitive for renteendringar.




Figur 3.30 Renteutgifter per årsku

Vestlandet har over kr 558 000 i nettoinntekt per bruk, medan Enkeltbruk har omlag kr 513 000 i nettoinntekt per bruk. Skilnaden ligg i stor grad i høgare lønsinntekter og låbare renteutgifter.

For dei andre kategoriane vil ikkje nettoinntekta vere fullstendig då inntektene til ektefeller utanom bruket ikkje er registrerte. Resultat frå desse gruppene vert ikkje presenterte.

Familiens arbeidsforteneste per årsverk og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk viser ein spennande skilnad mellom Alle prosjektbruk og Vestlandet. I den førstnemnde er Vestlandet høgast, medan vederlaget er høgast for Alle prosjektbruk. I vederlaget bidrar kostnader til leigd arbeid positivt inn dersom desse ligg over lønsevne for bruket. I tillegg vert rentekostnader handsama på ulik måte i dei to resultatmåla. I familiens arbeidsforteneste per årsverk kalkulerer ein ei rente av all innsett kapital i jordbruket, medan i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk tar ein utgangspunkt i jordbruket sin del av faktisk betalte gjeldsrenter og kår. Av kategoriane har Robotfjøs svakast lønsemdu uansett resultatmål. Dette skuldast høge investeringskostnader kombinert med høgt rentenivå i 2008, i tillegg til mindre kjøtinntekter enn dei andre kategoriane.



*Figur 3.31 Familiens arbeidsforteneste per årsverk og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk*


Lønsevne er familiens arbeidsforteneste pluss kostnader til leigd arbeid, og lønsevne per time er denne storleiken delt på tal timar brukt i jordbruket. Lønsevne per time er den timesatsen garden kan betale for innsett arbeidskraft når all kapital er godt gjort. Ein ser at Vestlandet har noko høgare lønsevne per time enn Alle prosjektbruk. I den motsette enden av skalaen finn ein Robotfjøs som har halvparten av lønsevna til Vestlandet per time.

Ser vi på vederlag til alt arbeid og eigenkapital per time, vert utslaga noko annleis mellom gruppene. Alle prosjektbruk oppnår vederlag per time på kr 111 mot Vestlandet kr 99. Samdriftene oppnår kr 119 per time mot kr 91 for Enkeltbruk. Robotfjøsa ligg også her lågast blant gruppene med kr 87 per time.

Grunnen til skilnaden mellom desse to resultatmåla er at for vederlag til alt arbeid og eigenkapital er det berre gjort frådrag for jordbrukets del av faktisk betalte gjeldsrenter og kår (kostnad til framandskapital), medan det i lønsevne er trekt frå rentekrav for all innsett kapital.

Effekt av jordbruksfrådraget verkar ikkje inn på nokon av dei resultatmåla som vanlegvis vert presenterte. Jordbruksfrådraget er nærmare omtalt i kapittel 3.9. Legg vi til effekten av

jordbruksfrådraget til vederlag for alt arbeid og eigenkapital per time, ser vi at timesatsen vert høgast for Sogn og Fjordane med kr 153 per time. Robotfjøs har også høg effekt av jordbruksfrådraget og ligg på kr 128 per time. Når Sogn og Fjordane ligg såpass mykje høgare enn Møre og Romsdal, må ein vere klar over at dei hadde ei meir gunstig finansieringsordning for store nye fjøs i den aktuelle perioden (20 % tilskot utan tak). Dette kan påverke resultatet for produsentane i utvalet.




*Figur 3.32 Timesats ved ulike resultatmål for dei ulike gruppene*

Alle tal som er presenterte, gjeld for rekneskapsåret 2008. Seinare endringar i rammevilkår som til dømes halvering av renta frå 2008 til 2009, vil verke gunstig for produsentar med høg gjeld. Stor auke i byggekostnader dei siste åra etter 2007 saman med därlegare finansieringsordningar mellom anna i Sogn og Fjordane, vil gjere det mindre gunstig å bygge ut mjølkeproduksjonen framover. Stadige endringar i rammevilkåra gjer at ein alltid må vurdere resultata nøyne før ein nytta dei i vidare planlegging.


## 3.6 Soliditet

Soliditet betyr evne til å tåle tap. Alle kategoriane har ein eigenkapitalprosent som er høgare enn 40 prosent, noko som må reknast som solide nivå. Vestlandet har den høgaste eigenkapitalprosenten med 58 prosent, medan Robotfjøs har den lågaste med 44 prosent. Det er store skilnader i totale eigendelar og total gjeld mellom kategoriane, men soliditeten målt i eigenkapitalprosent er altså relativ lik.



Figur 3.33 Eigenkapitalprosent for dei ulike gruppene

Robotfjøs har nesten dobbelt så mykje langsiktig gjeld per årsku som Vestlandet. Robotfjøs har som nemnt tidlegare 61,7 årskyr, medan Vestlandet har 18,5 årskyr, så gjeldssituasjonen er totalt ulik for dei to kategoriane. Bruk utan robot har derimot berre litt over kr 80 000 i langsiktig gjeld per årsku og har omlag kr 10 000 meir i langsiktig gjeld per årsku enn Vestlandet.




Figur 3.34 Langsiktig gjeld per årsku, kroner

### 3.7 Likviditet

Likviditet betyr betalingsevne eller evne til å kjøpe. Likviditeten til ei bedrift vert ofte målt i ulike likviditetsgrader, og nedanfor finn ein likviditetsgrad 1 og 3. Likviditetsgrad 3 seier noko om dei mest likvide midlane, bankinnskot og kontantar til bedrifta, medan likviditetsgrad 1 tek også med dei litt mindre likvide midlane som varelagret.

Likviditetsgrad 1 bør vere over to, og som ein ser ut av figuren nedanfor, så har alle kategoriene høgare resultat enn to.<sup>3</sup> Igjen har Vestlandet den høgaste graden, medan Bruk utan robot har den lågaste.




Figur 3.35 Likviditetsgrad 1 = Omløpsmiddel / Kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 3 inkluderer berre dei mest likvide midlane, og ein ser ein litt anna trend enn i likviditetsgrad 1. Robotfjøs har over 2,5, medan Bruk utan robot har berre 0,7. Tommelfingerregelen er at likviditetgrad 3 bør vere over 0,3, så alle kategoriene er godt innanfor kravet.<sup>4</sup> Robotfjøs har eit høgt nivå av dei mest likvide midlane, og dette resulterer i ein særslig likviditetsgrad 3.

<sup>3</sup> Eklund og Knutsen (1988)


<sup>4</sup> Eklund og Knutsen (1988)



Figur 3.36  $Likviditetsgrad 3 = (Bankinnskot + Kontantar) / Kortsiktig gjeld$


### 3.8 Variasjon

Det er stor variasjon i det økonomiske resultatet mellom dei 19 mjølkeprodusentane i utvalet. Materialet er derfor delt inn i ei høggruppe og ei låggruppe der seks av produsentane inngår i kvar gruppe. Vi har valt å sjå på vederlag til arbeid og eigenkapital per årsku som resultatmål. For å vise kva faktorar som er viktige for resultatet, har vi framstilt høggruppa i figurane som 100 prosent. Resultatet for låggruppa er presentert i prosent av høggruppa. Når vi grupperte deltagarane etter resultat, førte det at 4 bruk frå Sogn og Fjordane og 2 frå Møre og Romsdal kom i høggruppa. Det var motsett i låggruppa, 4 bruk frå Møre og Romsdal og 2 frå Sogn og Fjordane. Halvparten av brukna i låggruppa var Robotfjøs, medan det var eitt Robotfjøs i høggruppa (sjå tabell 2.1).




*Figur 3.37 Samanlikning av høg- og låggruppe blant mjølkeprodusentane i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, ressursar og produksjonsinntekter.*

Vi ser av figur 3.37 at kjøtinntekter fra anna storfekjøt (okse og kvige) i låggruppa utgjer berre 21 prosent av høggruppa. Inntekter fra kuslakt er om lag det same i begge gruppene. På grunn av oppföring av mest alle kalvar i høggruppa og mest ikkje okseslakt i låggruppa, oppnår dei også høgare tilskot per årsku i form av meir dyretilskot og distriktstilskot på kjøt. Låggruppa har noko mindre areal per årsku litt meir innsett kapital. I tillegg er ytinga per årsku litt lågare enn for høggruppa. Timebruken per årsku er også litt høgare for låggruppa, 122 timer mot 117 timer per årsku. Det er blant produksjonsinntektene vi finn dei store skilnadene. Låggruppa har kr 26 100 i mjøleinntekter mot kr 29 100 for høggruppa. Mjølkeprisen er om lag lik, så det er omsett mjølk per årsku som gjev utslaget. Leveringsprosenten (omsett mjølk i høve til kvote) var 101 for høggruppa og 92 for låggruppa.



*Figur 3.38 Kostnader per årsku, låggruppe i prosent av høggruppe*

På kostnadssida er det også ein del skilnader mellom gruppene. Høggruppa har høgare variablene kostnader på grunn av stor kjøtproduksjon. Dei har også høgare kostnader til leidt arbeid enn låggruppa. I kroner er det ikkje så stor skilnad mellom gruppene med omsyn til kostnader til bygningar, maskiner, jord og andre leigekostnader. Det er rentekostnader som utgjer den store skilnaden på kostnadssida. Sidan innsett kapital per årsku er om lag den same, er det gjeldsdelen som er ulik mellom dei to gruppene. Rentekostnad per årsku er kr 4 300 for høggruppa og kr 9 000 for låggruppa per årsku. Gjeldsprosenten for låggruppa er 60 prosent medan nivået for høggruppa er 43 prosent.



Figur 3.39 Resultat per årsku, høggruppe i prosent av låggruppe

Av figur 3.39 ser vi at skilnaden i resultat mellom dei to gruppene aukar etter kvart som vi tek omsyn til faste kostnader, avskrivingar og renter. Dekningsbidraget til låggruppa utgjer 76 prosent av høggruppa, resultat før avskrivingar 68 prosent og driftsoverskotet utgjer 55 prosent. Når vi også tek omsyn til innsett arbeid, viser vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsku for låggruppa 35 prosent av høggruppa. Set vi inn godtgjering for all innsett kapital (6 %), er familiens arbeidsforteneste for låggruppa berre 16 prosent av høggruppa.

Sjølv om ein ikkje har inne alle data frå ektefeller for samdriftene, er det ein tendens til at låggruppa har mykje høgare inntekter utanom bruket. Dette forklarer korfor produsentane i låggruppa har god likviditet og soliditet trass i svake driftsresultat frå mjølkeproduksjonen.

### 3.9 Jordbruksfrådraget

Personar som driv næringsverksemd innafor jordbruk og tilgrensande næringar, har rett på eit særskilt jordbruksfrådrag. For 2008 var maksimalt jordbruksfrådrag kr 142 000 per driftseining. For å kunne nytte dette frådraget fullt ut, måtte dei ha ei næringsinntekt på minst kr 328 600. Budsjettinemnda for jordbruket (BFJ) kalkulerer inntektsverknaden av fullt jordbruksfrådrag ved 33 prosent marginalskatt til kr 59 300 per driftseining dersom ein har fullt jordbruksfrådrag. Beløpet kjem fram ved å finne maksimal skattelette (28 % av kr 142 000) som er kr 39 760. Maksimal inntektsverknad av jordbruksfrådraget vert kr 39 760 delt på 0,67 som er kr 59 343. Har eit bruk til dømes 2 årsverk, vert inntektsverknaden per årsverk kr 29 673. Ingen av

resultatmåla som er presenterte i dette notatet, inkluderer inntektsverknad av jordbruksfrådraget. Det betyr at prosjektbruka i utvalet har i ulik grad inntektsverknad av jordbruksfrådraget i tillegg til dei presenterte resultatmåla. For gruppa Vestlandet mjølk, er inntektsverknad per årsverk rekna til kr 27 200 per årsverk (Haukås, Olsen og Knutsen 2010).

Jordbruksfrådraget vert gjeve til kvart enkelt bruk. Ektefeller kan dele frådraget. For samdrifter kan det bli gitt like mange jordbruksfrådrag som det er deltakarar. For enkeltbruk vil det vere hove til eitt jordbruksfrådrag. På utbyggingsbruk vil det ofte vere vanskeleg å få nytte av frådraget fullt ut i perioden etter utbygging. Store kostnader gjer at det kan vere problem med å oppnå ei næringsinntekt som er høg nok til å oppnå fullt jordbruksfrådrag.

Blant gruppene i utvalet for dette prosjektet, kjem Sogn og Fjordane best ut med kr 44 200 per årsverk rekna etter metoden skissert ovanfor. Årsaka til at dei kjem så høgt, er at det er fleire frådrag per driftseining og relativt få årsverk. Robotfjøsa kjem også godt ut med tanke på effekt av jordbruksfrådraget med kr 43 300 per årsverk. Svakast ut kjem enkeltbruka med knapt kr 20 000 per årsverk. Grunnen er at det berre eitt frådrag per driftseining, og i tillegg mange arbeidstimar i drifta. Middelet for alle prosjektbruka ligg på kr 31 200 per årsverk.

## 4 Driftsplan og budsjett i høve til resultat


### 4.1 Samanlikning av investeringsbudsjett med faktisk investering

Samlede av dei 19 mjølkeprodusentane som er med i undersøkinga, har investert i ny driftsbygning for mjølkeproduksjon i perioden 2002 til 2007. Investert beløp varierer frå 1,5 mill. til 9,3 mill. med eit snitt på 4,4 mill. kroner. Kostnadsoverslag for utbygginga er henta fra driftsplan for utbygginga sendt ved søknad om investeringsstøtte til Innovasjon Noreg. Faktisk utbyggingskostnad er basert på intervju med utbyggjarane i tillegg til at det var tilgang til fullstendig byggjerekneskap for nokre av produsentane.

I gjennomsnitt for dei 19 produsentane ligg investert beløp 5 prosent over kostnadsoverslag i driftsplanane. Det er stor spreiing i resultatet, og standardavvik for dei 19 mjølkeprodusentane er rundt 900 000 kr.

### 4.2 Årsak til avvik fra investeringsbudsjett

Avvika mellom plan og faktisk kostnad viser ikkje noko systematisk trend. Avvika går begge vegar, og gjennomsnittskostnad er nokså nær budsjettet kostnad. Det er likevel store avvik på enkeltbruk. Det kan i nokre tilfelle skuldast ufullstendige budsjett. Nokre av respondentane rapporterte om det. Andre årsaker er at utbyggjar har avvike fra plan under utbygging, og ein produsent rapporterer om underkalkulert betongarbeid i investeringsbudsjettet. Av dei som har lågare utbyggingskostnad enn budsjettet, er hovudårsaka bruk av meir eigeninnsats enn planlagt.



Figur 4.1 Kostnad til investering samanlikna med planlagt budsjett for dei 19 mjølkeprodusentane i undersøkinga

## 4.3 Analyse av driftsplanar i forhold til resultat

Som bakgrunn for denne samanlikninga har vi nytta driftsplan som var utarbeidd i samband med utbygging av ny driftsbygning, og samanlikna prognose for ulike resultatmål for 2008 med faktiske resultat for 2008 frå driftsrekneskapen for dei 19 mjølkeprodusentane. Vi møtte på ein del metodiske utfordringar i denne samanlikninga. Nokre av driftsplanane var laga for eitt av brukarar som stod for utbygginga, medan vi hadde resultat for samdrifta inkludert dei aktive partnarane. Andre planar var laga for berre selskapet medan nokre var utarbeidde for både selskapet og partnarane tilnærma slik vi har brukt det i vår definisjon av samdrift.

For å harmonisere data mellom driftsplan og rekneskapsresultat for 2008, er det derfor nytta ulike delar av driftsrekneskapen for 2008 til samanlikninga. Der det eine bruket stod for utbygging og hadde driftsplan, nytta vi rekneskapen frå dette bruket med nødvendig modifisering av nokre variablar. Det same vart gjort der driftsplanen var laga for berre selskapet. Dei presenterte resultata frå driftsplan og driftsrekneskap for 2008 skulle såleis vere samanliknbare.

Driftsplanane var av ulik kvalitet, innhald og detaljgrad. For nokre av planane fanst ikkje alle data vi har samanlikna med. Tal observasjonar varierer derfor mellom 15 og 19 for dei ulike samanlikningsparametrane.

Ei av årsakene til at det kan vere avvik, er at planane ikkje er inflasjonsjusterte. For dei eldste planane i denne undersøkinga vil det gje utslag på parameter som er oppgitt i nominelle kroner.

### 4.3.1 Produksjon


Eit viktig spørsmål i denne undersøkinga er om ein har dei planlagde ressursane tilgjengelege og nådd dei produksjonsmåla ein hadde før utbygginga. Vi har her valt å sjå på jordbruksareal i alt, mjølkekvote og tal årskyr. Jordbruksarealet er i snitt 13 prosent større i 2008 enn prognosene for 2008 var i driftsplanen. Ein tredel av produsentane hadde mindre areal, medan to tredeler hadde større areal enn planlagt. Mjølkekvote er mykje større enn planlagd. Registrert kvote i 2008 er i snitt 40 prosent høgare enn planlagd. Snittkvota for 2008 var planlagd til 228 000 liter medan registrert kvote var 318 000 liter for dei 18 produsentane det fanst kvotedata på i driftsplan. Ingen produsentar hadde mindre kvote enn planlagt. Ein produsent hadde 3,5 gang så stor kvote i 2008 i høve til det som var planlagt i 2003.

Tabell 4.1. Produksjonsomfang for 18 produsentar for 2008 samanlikna med produksjonsomfang i driftsplan for 2008

	Driftsplan 2008	Rekneskap 2008	Avvik	Standardavvik	Avvik prosent
Jordbruksareal, dekar	549	619	70	192	13 %
Mjølkekvote, liter	227 745	318 230	90 484	82 155	40 %
Årskyr	38,0	44,6	6,6	11,1	17 %


### 4.3.2 Produksjonsinntekter og - kostnader

Gjennomsnittleg produksjonsinntekt for dei nitten brukna i utvalet i driftsplanane, var 1,838 mill. kroner. Faktisk produksjonsinntekt i 2008 var i snitt 2,281 mill. kroner. Produksjonsinntektene var 24 prosent større enn planlagt i middel for dei 16 produsentane som hadde produksjonsinntekter i driftsplan. Med unnatak av to produsentar som hadde litt lågare inntekter enn planlagt, hadde alle produksjonsinntekter over prognose i driftsplan. Dette er også venta i og med at produksjonen er mykje høgare enn i driftsplan.



Figur 4.2. Produksjonsinntekter for 2008 samanlikna med budsjetterte produksjonsinntekter i driftsplan for 2008

På kostnadssida er det også store avvik mellom budsjett og resultat for 2008. Dette gjeld særleg for faste kostnader. Medan dei variable kostnadene var 31 prosent høgare enn budsjettert, var dei faste kostnadene nesten dobbelt så høge som planlagt (87 %). Det var berre to produsentar som hadde lågare variable kostnader og ein produsent som hadde lågare faste kostnader enn planlagt. For dei variable kostnadene er auken i tråd med auken i produksjonsinntekter. Dei faste kostnadene ser ut til å vere underbudsjetterte for dei fleste brukna.



Figur 4.3. Faste kostnader i 2008 for dei 19 produsentane samanlikna med prognose for faste kostnader i driftsplan

### 4.3.3 Resultat


Eit viktig spørsmål i denne undersøkinga var: Er driftsresultatet frå rekneskapen for 2008 i tråd med budsjettet resultat frå driftsplanen?

Tabell 4.2 Ulike resultatmål frå rekneskap 2008 samanlikna med resultatmål frå driftsplan

	Driftsplan 2008	Rekneskap 2008	Avvik	Standardavvik	Avvik prosent
Dekningsbidrag inkl. tilskot	1 119 491	1 406 825	287 334	389 003	26 %
Resultat før avskrivning	808 982	880 729	71 748	326 402	9 %
Driftsoverskot, jordbruk	622 097	649 975	27 878	379 687	4 %

Tabell 4.2 viser tre ulike resultatmål frå driftsrekneskapen samanlikna med driftsplan for 2008. I tillegg er det vist avvik og standardavvik i kroner og avvik i prosent. Vi ser at standardavvik for dekningsbidrag inklusiv tilskot er kr 389 003 eller 26 prosent.

Tre av produsentane hadde lågare dekningsbidrag enn budsjettet i driftsplanen, medan seksten hadde betre resultat enn planlagt. Vi ser også at avviket i prosent minkar for resultatmåla etter kvart som fleire kostnader vert trekte frå. Driftsoverskotet, som skal dekke godtgjering til arbeid og kapital, ligg 4 prosent over budsjett, men standardavviket er høgt. Det medfører at det er avvik i høve til plan sjølv om gjennomsnittet er nokså nær planlagt driftsoverskot for 2008. Åtte av dei nitten produsentane oppnådde lågare driftsoverskot enn budsjettet i driftsplan for 2008.



Figur 4.4. Driftsoverskot i rekneskap for 2008 samanlikna med driftsoverskot i driftsplan for dei 19 produsentane i undersøkinga

## 4.4 Årsak til avvik mellom resultat og driftsplan

Det er fleire årsaker til at det er mange og til dels store avvik mellom driftsplan og oppnådd driftsresultat for 2008. Den viktigaste årsaka er produksjonsomfanget. Samtlege deltakarar i undersøkinga hadde større mjølkekvote i 2008 enn det som var planlagt før utbygginga. Utvidinga av mjølkekvote har skjedd på ulike måtar. Oppkjøp av kvote har skjedd både gjennom statleg og privat omsetning. Lett tilgang på mjølkekvote i regionen, og rimeleg pris på mjølkekvote, kan vere ei årsak til auke i produksjonsomfang. Vi ser at auke i areal er vesentleg mindre enn auke i mjølkekvote. Likevel hevda nokre av produsentane at var lett tilgang på ekstra areal. Dei hadde til og med takka nei til gratis grovfôrareal på grunn av dei ikkje hadde kapasitet til å nytte seg av meir grovfôr. Andre sa at dei vurderte å utvide bygningsmassen ytterlegare berre få år etter utbygging fordi rammevilkåra hadde endra seg raskare enn nokon hadde tenkt. Det kan sjå ut til at dei som laga driftsplanen, har vore for forsiktige med tanke på bygningskapasitet i forhold dei endringar som har funne stad i næringa og lokalmiljøet innan kort tid etter utbygging.

Når det gjeld produksjonsinntekter og variable kostnader, er plan stort sett i tråd med oppnådd resultat når ein justerer for auka produksjonsomfang. På grunn av at omfanget er større enn planlagt, er også inntektene tilsvarande større. Det er likevel stor spreiing i resultata og høge standardavvik. For faste kostnader er det nesten utan unnatak mykje høgare tal i rekneskapen enn i driftsplanen. Det er fleire årsaker til dette. Noko kan skuldast metode. Det er svært vanskeleg å finne samanliknbare tal i plan og rekneskap for enkelte samdrifter. Som standard har vi har nytta data frå all drift hos partnarane og selskapet når vi vurderte samdriftene. Her kan det vere nokre sideproduksjonar som litt sauehald, som verkar inn. Det er likevel små summar i høve til hovudproduksjon. Er driftsplanen laga for berre selskapet eller ein av deltakarane i samdrifta, er det data frå denne delen av konsernrekneskapen som er nytta i samanlikninga.

Ei anna årsak til avviket er investeringar som er gjorde i etterkant av utbygging som ikkje var teke omsyn til i driftsplan. Det kan også sjå ut som om «andre faste kostnader» er lågt kalkulerte i driftsplanane. Det same gjeld både vedlikehald av bygningar og maskiner og avskrivingar. Avskrivingane er 29 prosent høgare i driftsrekneskapen enn i driftsplan. Viktigaste årsak til avviket er at det er nytta ulike avskrivingsprinsipp i plan og rekneskap. I planen er det opplyst at avskriving ofte er tilpassa den økonomiske situasjonen til den enkelte produsenten. I rekneskapen er det nytta standardsatsar og lineær avskriving i tråd med driftsgranskningane.


# 5 Spørjeundersøking

Målet med spørjeundersøkinga var å finne svar på sider ved investeringa som ikkje kjem fram frå rekneskapstala; årsaker til investeringa, sosiale forhold, subjektive vurderingar av eigen økonomi og investeringa i seg sjølv. Spørjeundersøkinga vart gjennomført i samanheng med ei besøksrunde for dei ulike deltakarane i februar 2010. Samdriftene leverte berre eit svar per samdrift, slik at det er totalt 19 respondentar i spørjeundersøkinga. Ein må også hugse på at rekneskapstala er baserte på tal frå 2008, medan spørjeundersøkinga vart gjennomført i starten av 2010, og at visse forhold kan ha endra seg i denne tidsperioden.

## 5.1 Utbygging


Spørjeundersøkinga ønskjer å seie noko om bakgrunnen for investeringa, og om kva for årsaker som var avgjeraande for investeringa. Investeringane blei gjennomførde i tidsperioden frå 2002 til 2007.

Ein kan sjå ut av figur 5.1 at 11 respondentar valde *Behov for fornying av driftsbygningars og utstyr* som hovudårsaka til investeringa, medan 3 respondentar valde *Skape sin eigen heiltidsarbeidsplass* som hovudårsak.



Figur 5.1 Hovudårsaka til investeringa

Det var noko meir variasjon i andre årsaker til investeringa. Her kunne bruk krysse av for fleire enn ei årsak. 14 respondentar valde *Betre og meir moderne bygningsmasse*, medan hhv. åtte og seks respondentar valde *Meir fritid* og *Større produksjon*.



Figur 5.2 Andre årsaker til investeringa


## 5.2 Produksjon

Neste punkt i spørjeundersøkinga var ein del påstandar om produksjon som brukarane skulle skalere frå ein til seks. Éin betyr heilt ueinig medan seks betyr heilt einig. I figurane vert gjennomsnittet og standardavviket til heile utvalet presenterte, og skalaen på y-aksen startar på null for å få med eventuelle standardavvik under éin. Gjennomsnitta i denne undersøkinga kan maksimalt vere seks og minimum vere éin, og ein må ta omsyn til dette når ein tyder figurane.

I figur 5.3 ser vi at brukar rapporterer at arbeidsforbruket ikkje har blitt høgare, men at denne påstanden har eit standardavvik på over to slik at det er stor variasjon blant brukar. Stor variasjon er det også på svara på påstanden om mjølka har fått betre kvalitet. Hovudårsaka til variasjon her er at dei fleste respondentane rapporterte om god kvalitet (elitemjølk) både før og etter utbygginga. Vi kan sjå at brukar hadde relativt få uføresette problem i startfasen etter investeringa, og at dyrehelsa er blitt betre for dei aller fleste brukar etter investeringa. Brukar svarer at dei er relativt godt nøgde med oppfølginga frå Innovasjon Noreg, TINE og entreprenørar og utstyrleverandørar. Dei har likevel ein del kommentarar rundt desse institusjonane som ein kan sjå i figur 5.4. Mjølkeproduksjonen samsvarer ikkje med dei måla som blei satt før investeringa, ifølgje respondentane, og dei aller fleste rapporterte også om langt høgare produksjon enn planlagt.

## Produksjon

1. Eg/Vi har eit høgare arbeidsforbruk på garden/samdrifta etter investeringa.
2. Eg/Vi meiner at kvaliteten på mjølka har blitt betre etter investeringa.
3. Det oppstod mange uførutsette problem i startfasen etter investeringa
4. Dyrehelsa er blitt betre etter investeringa
5. Eg/Vi er nøgde med den oppfølginga og hjelpa eg har fått frå Innovasjon Noreg
6. Eg/Vi er nøgde med den oppfølginga og hjelpa eg har fått frå entreprenør og utstyrleverandørar.
7. Eg/Vi er nøgde med den oppfølginga og hjelpa eg har fått frå TINE (rådgivingstesta)
8. Mjølkeproduksjonen i dag, målt i tal liter, samsvarer med dei måla som blei settet før investeringa.



Figur 5.3 Produksjon. Gjennomsnitt skår på spørsmål om produksjon der 1 er heilt ueinig og 6 er heilt einig

**Viss du/de er misnøgde med noko vedrørande Innovasjon Noreg, TINE og entreprenørar og utstyrslverandørar, ver vennleg og spesifiser kva du/de var misnøgde med:**

- Problem med utstyrslverandørar; feil type utstyr og dårlig kvalitet.
- Utstyrslverandørar.
- Levetid på ein del teknisk utstyr.
- Fôrutleggjaren og straumoppkoppling.
- For låge kostnadsoverslag frå Landbruksavdelinga hos fylkesmannen
- Rådgjeving var retta mot mindre bruk og ikkje store. Rådgjevinga vart også dårligare etter utbygginga.
- For svak oppfølging frå rådgjevarar - høgtshevande språk
- Delaval/Felleskjøpet - därleg råd om försystem.
- Manglande kompetanse hos utstyrslverandørar.
- Planlegging hos Fylkesmannen. Underkalkulering av kostnader, feil i teikningar (mangelfulle).
- Har hatt lite kontakt med Tine og Innovasjon Noreg

Kommentarar til påstand 5,6 og 7 frå respondentane i figur 5.3.


## 5.3 Økonomi

Vidare i spørjeundersøkinga vart bruka konfrontert med ein del påstandar vedrørande økonomien på bruken. Den første delen er tre påstandar som bruken skulle svare ja eller nei på.

Vi ser ut av figurane nedanfor at 13 av 19 meiner at dei økonomiske resultata har blitt betra etter investeringa. I dette notatet viser ein berre tal frå 2008, så det er vanskeleg å sjekke denne påstanden opp i mot faktisk betring frå tidlegare år. Ein kan også sjå at 11 av 19 fekk fleire tilbod på jobben rundt utbygginga, medan 15 av 19 meiner at ei halvering av landbruksstøtta vil medføre slutten på drifta deira.

### Økonomi, del 1

1. Dei økonomiske resultata er betra etter investeringa.
2. Eg/Vi fekk fleire tilbod på jobben rundt utbygginga.
3. Ei halvering av landbruksstøtta vil bety slutten på mi/vår drift.




Figur 5.4 Økonomi, del 1

Den andre delen om økonomi er fem påstandar som brukar skalere frå ein til seks. Ein betyr heilt ueinig, og seks betyr heilt einig. Både gjennomsnitta og standardavvika til alle dei 19 brukar for dei fem påstandane vert presenterte.

Påstanden *Utbyggingskostnadene var i tråd med investeringsbudsjettet* har eit gjennomsnitt på 4,32 og eit standardavvik på 1,95, og ein kan vanskeleg konkludere den eine eller den andre vegen. Dette stemmer godt med dei faktiske tala som viser ein del differansar mellom budsjett og utbyggingskostnadene. Bruka er også usikre om dei skal investere ytterlegare dei neste ti åra – noko ein ser ut i frå eit gjennomsnitt på 3,58 og eit høgt standardavvik. Bruka er derimot meir klare på at det generelle inntrykket av økonomien i norsk landbruk er negativt. Det er også tvetydige resultat på påstanden om at økonomien på brukar er betre enn andre delar av norsk landbruks økonomi. Dette er ein generell påstand som kanskje er vanskeleg å konkludere den eine eller andre vegen. Bruka er derimot meir samde i påstanden om at økonomien i norsk landbruk er svakare enn for dei fleste andre yrkesgrupper i samfunnet.

## Økonomi, del 2

1. Utbyggingskostnadene var i tråd med investeringsbudsjettet.
2. Eg/Vi vurderer å investere ytterlegare i drifta i løpet av de ti neste åra.
3. Mitt/Vårt generelle inntrykk av økonomien i norsk landbruk er positivt.
4. Min/Vår økonomi er betre enn andre deler av norsk landbruk.



Figur 5.5 Økonomi, del 2

## 5.4 Sosiokulturelle faktorar


Den siste delen av spørjeundersøkinga tar for seg sosiokulturelle faktorar og forhold vedrørande investeringa. Igjen fekk brukar påstandar som dei skulle skalere frå ein til seks.

Bruka er jamt over svært positive i denne delen av spørjeundersøkinga. Dei rapporterte at dei er meir nøgde med kvar dagen etter investeringa, dei angrar ikkje på investeringa, dei er nøgde med dei fysiske arbeidsforholda på garden/samdrifta etter investeringa og dei er meir nøgde med drifta av garden/samdrifta etter investeringa. Bruka er derimot litt meir usamde, men framleis er gjennomsnittet over fire, om dei har fått meir fritid etter investeringa, om garden/samdrifta har blitt ein sikrare arbeidsplass med tanke på arbeidsulykker etter investeringa, om dei ser optimistisk på framtida og om dei driv garden/samdrifta på same måte om fem år. Respondentane er derimot nokså einige om at dei ikkje har jobba meir utanfor garden/samdrifta etter investeringa. Ein må seie at dei sosiale forholda er betra etter investeringa for brukar i denne undersøkinga, og ein del påstandar i denne delen må seiast å vere svært essensielle i forhold til om brukar føler investeringa var vellykka.

Figur 5.6 viser ein del generelle kommentarar rundt investeringa. Her fekk respondentane høve til å supplere spørjeundersøkinga med andre merknader.

## Sosiolulturelle faktorar

1. Eg/Vi er meir nøgde med kvardagen etter investeringa
2. Eg/Vi har fått meir fritid etter investeringa.
3. Eg/Vi angrar ikkje på investeringa.
4. Eg/Vi er nøgde med dei fysiske arbeidsforholda på garden/samdrifta.
5. Garden/Samdrifta har blitt ein sikrare arbeidsplass med tanke på arbeidsulykker etter investeringa.
6. Eg/Vi ser optimistisk på framtida.
7. Eg/Vi driv garden/samdrifta på same måte om fem år.
8. Eg/Vi har jobba meir utanfor garden/samdrifta etter investeringa.
9. Eg/Vi er meir nøgde med drifta av garden/samdrifta etter investeringa.



Figur 5.6 Sosiolulturelle faktorar

**Viss du/de har andre kommentarar som ikkje har kome fram i skjemaet, så kan dei spesifiserast her:**

- Dyra har fått det betre og kvardagen har blitt enklare.
- To fjøs; plussar og minus med det. Kort vei mellom gardane (+). Blei anbefalt å ikkje kjøpe robot, men ville kanskje tenkt annleis i dag.
- Konfliktar mellom aktive og passive om overskot og arbeidsinnsats. Feil organisasjonsform; AS < DA.
- Meir fritid, men også nokre arbeidstoppar med lange dagar.
- Kalkylen på betongarbeidet var gal. Utsett for variasjonar i kraftførpris og pris på oksekalvar.
- Regelverk set avgrensingar og tilskotet er lågare for mindre bruk. Kvotetak for samdrifter vs. enkeltbruk. Meir klovskjæring pga. mjukare underlag og reglar. Burde hatt plass til klovskjæring i fjøset.
- Inntekter kjem i ettertid (tilskot). Svært avhengig av mjølkepris.
- Politiske rammer i stadig endring er eit problem.
- Kostnaden med oppbygginga av buskap var undervurdert.
- Heldig med arbeidshjelp, ingen tilfelle med mastitt eller bruk av antibiotika etter utbygginga.
- Det faglege er blitt meir interessant og utfordrande. Samarbeidet går bra, men dei hadde ikkje tenkt så mykje på det før oppstarten. Auka volum, men krevjande å få gode resultat.
- Fjøsstellet tar like lang tid som før investeringa, men produksjonen er meir enn dobla.
- Bruker litt meir tid på slåtten nå enn før. Dei presser rundballane sjølve nå - har auka arealet litt.
- Samarbeidet i samdrifta fungerer godt.
- Fått det som brukar ville. Likevel etter 2 år er fjøset for lite. Nokre problem med arbeidsforhold og dyreplass. Nokre uføresette problem.

# 6 Andre undersøkingar

---

## 6.1 «Lykkelig som stor?» - samdriftsundersøking i Namdalen

«Lykkelig som stor?» er eit samarbeidsprosjekt mellom landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Nord-Trøndelag fylkeskommune, Innovasjon Noreg, Sparebank1 Midt-Norge, Trøndelag forsøksring og Landbrukets Fagsenter Namdal, der Landbrukets Fagsenter har hatt prosjektleiinga. I alt er 16 store mjølkesamdrifter med kvote større enn 500 tonn undersøkte med tanke på økonomi (rekneskapsanalyse) og sosiokulturelle aspekt. I skrivande stund er ikkje rapporten ferdig, så framstillinga her byggjer på ei samanstilling frå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag (2010).

### 6.1.1 Økonomi

Mjølkeproduksjon er ei kapitalintensiv driftsform. Ved bygging av ein moderne driftsbygning kan samla investeringar i driftsbygning, maskiner for hausting og transport av fôr og gjødsel, samt buskap nå opp i 12–15 mill. kroner etter dagens prisnivå, det vil seie 3–5 mill. kroner per årsverk.

Tidlegare har BU-tilskot bidrige med ein vesentleg del av finansieringa av driftsbygninga, men BU-tilskotet har eit maksbeløp på kr 500 000. Av ein byggjekostnad på 10 mill. kroner utgjer no BU-tilskotet berre 5prosent av finansieringa.

Mjølkeproduksjon i ein skala på 500 tonn årleg og drift av areal på 700–1000 dekar krev heilt andre mekaniseringsløysingar enn det tradisjonelle familiebruket med 100–150 tonn mjølkekvote. Maskininvesteringane, eventuelt kostnad til leige av maskinentreprenørar vil derfor ofte komme på toppen etter at den nye driftsbygningen er ferdig. Erfaringane i samdriftene viser at sjølve byggjeprosjektet og kostnadene med dette er relativt godt planlagt og budsett, men det er i alt for liten grad tatt høgde for kostnader i samband med maskininvesteringar eller leige av maskiner som kjem som ei følgje av utbygginga.

Gjennomsnittskvota på samdriftene i prosjektet er på 434 tonn mjølkekvote, og varierande grad av kjøproduksjon. Dette tilsvarer eit arbeidsforbruk på 3–4 årsverk. Gjennomsnittleg resultat før avskriving i samdriftene er vel 1,2 mill. kroner, eller om lag kr 3 per liter mjølkekvote. Dette skal dekke både renter og avdrag på lån i tillegg til godtgjering for arbeidet i samdrifta.

Rekneskapsanalysane viser at økonomien i samdriftene varierer mykje av ulike årsaker:

- Stor variasjon i gjeldsnivå på grunn av tidspunkt for utbygging. Nokre har bygd relativt rimeleg for 10 år sidan og med enklare mekaniseringsløysingar enn dei nyaste fjøsa (mjølkestall – mjølkerobot)
- Den første perioden etter innflytting i nytt fjøs har medført til dels store driftsproblem i nokre samdrifter. Det kan vere problem med å få kyrne til å tilpasse seg, problem med drift av mjølkerobot og fôringasanlegg, og utfordringar med å lære seg korleis mjølkeproduksjon i så stor skala skal driftast for å oppnå optimalt resultat. Økonomien i denne perioden vert derfor opplevd som spesielt utfordrande.
- Effektiviteten varierer mykje også når samdriftene har komme seg i ordinær drift. Mjølkeproduksjon er ein komplisert biologisk produksjon med en mange innsatsfaktorar som må optimalisera for å oppnå best mogeleg økonomisk resultat. Dette krev kunnskap, gode driftsrutinar og godt samspele mellom alle som er aktive i produksjonen.
- Faste kostnader som maskinkostnader og leigekostnader varierer mykje etter kor stort investeringsbehovet har vore, og kor stor tilgangen på arbeidskraft er i samdrifta.

## 6.1.2 Sosiolulturelle aspekt

Undersøkninga i Namdalen tek føre seg kor lykkelege samdriftsdeltakarane er og om korleis dei trivest. Det å vere lykkeleg og trivast er basert på om forventningane til dei vala ein har gjort, vert innfridde eller ikkje. Dette gjeld også for dei enkeltpersonane og familiane som har valt å gå inn i samdrift. Derfor er det vanskeleg å gje eitt eintydig svar på om ein vert lykkelegare av å vere med i samdrift. For nokon har samdrift vore eit lykkeleg val, medan det for andre ikkje har fungert fullt så bra.

På ein skala frå 1–5, der 1 er best og 5 er därlegast, er den gjennomsnittlege verdien av å vere tilfreds i samdrift 2,2. Dette viser at mange er relativt nøgde. På same skalaen viser eit gjennomsnitt på 1,8 for kor tilfredse samdriftene er med driftsrutinane. På spørsmål om leiing av samdriftene er svaret 1,9, med kommunikasjon 2,2 og for høve til å utvikle seg internt innan samdrifta er svaret 2,3. Kunnskap om mjølkeproduksjon er vurdert til 2,0, medan kjensla av å vere sjølvstening gardbrukar gjev svakare skår med 3,3.

Nesten alle deltakarar som vart intervjua, viser at dei er svært tilfredse med ordna arbeids-tid og høve til ferie og fritid. Høve til å delta på ettermiddagsaktivitetar for barn eller seg sjølv synest å vere viktig for mange. Dette vert framheva som dei største fordelane med samdrift. På den andre sida er forventningane til inntektsnivå i mjølkeproduksjonen langt frå oppfylt. Det er jamt over sterkt misnøye med økonomien i samdrifta, men sterkest for dei som nylegast har starta opp. Dei opplever høgt gjeldsnivå og driftsproblem i oppstartfasen. Ein ser også at arbeidsbehovet i samdriftene har vore større enn venta. Mjølkeproduksjon er ein krevjande produksjon, og godt samspel og gode driftsrutinar er viktig. For å oppnå dette må samdriftsdeltakarane skape eit godt produksjonsteam. Dette krev god struktur, leiing og vekt på kommunikasjon. Tidligare har dei fleste bøndene som vart intervjua, jobba åleine på eigen gard. Det krev ei stor omstilling å gå frå å vere «herre i eige hus» til å samarbeide så tett som ein gjer i ei samdrift.

Mange av samdriftene har utfordringar når det gjeld kommunikasjon og samarbeid i større eller mindre grad. Prosjektet viser at ein del samdrifter ikkje har hatt nok vektlegging på leiing, gode rutinar og arenaer for konflikthandtering. Over tid kan dette føre til store utfordringar for fellesskapet. I prosjektet har vart det spurt om korleis samdriftsdeltakarane ser på framtidia som mjølkeprodusent, og ein stor del av desse er usikre på framtidia på grunn av dårlig økonomi. Dette vert sett på som alarmerande.

## 6.1.3 Samanlikning mellom undersøkinga i Namdalen og undersøkinga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Driftseiningane er større i gjennomsnitt i samdriftsundersøkinga i Nord-Trøndelag (434 tonn) enn for undersøkinga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (300 tonn). Rekneskapsanaly-sen fra Nord-Trøndelag skil seg metodisk frå undersøkinga vår på Nordvestlandet. Dei viktigaste skilnadene er at det er berre trekt inn inntekter og kostnader som vedrører mjølkeproduksjonen frå deltakarane i samdrifta inn i samdriftsrekneskapen. For undersøkinga i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane er heile rekneskapen til dei aktive partnarane som ligg til grunn saman med rekneskapen for selskapet. Det er nytta skattemessige avskrivingar (saldoprinsippet) for undersøkinga i Namdalen og lineære avskrivingar på Nordvestlandet. I tillegg er innhaldet i resultatmåla i dei to undersøkingane noko avvikande. Vi har teke omsyn til dei metodiske skilnadene når vi samanliknar dei to undersøkingane.

Ser vi på resultat før avskriving, viser data frå Namdalen noko høgare resultat per driftsein-ing enn for undersøkinga i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det er også naturleg i og med at produksjonsomfanget er større. Dersom vi ser på resultat per liter mjølk, viser samanlikninga at det er oppnådd 12 øre høgare per liter på Nordvestlandet enn i Namdalen.

De er registrert høgare gjeld per liter mjølkekvote på samdriftene i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane samanlikna med samdriftene i Nord-Trøndelag. Resultata er høvesvis kr 13 og kr 17 i samla gjeld per liter mjølkekvote.

**Tabell 6.1 Samanlikning av resultat før avskriving på samdrifter frå undersøking i Namdalen og i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal**

	Tal samdrifter	Mjølk tonn	Res. før avskr. per samdrift kr	Res. før avskr. per liter kr	Gjeld per liter mjølkekvote kr
Namdalen	16	424	1 200 000	3,00	13
SF & MR	13	346	1 080 000	3,12	17

I undersøkinga i Namdalen er det betalt ut eit arbeidsvederlag på 112 kr per time i gjennomsnitt. Dette er fastsett sats for vederlag til deltakarane der godtgjering for innsett kapital er fastsett etter dette. I undersøkinga på Nordvestlandet er det ikkje denne timesatsen registrert. Det er derimot rekna ut lønsevne per time som samdrifta kan betale ut for innsett arbeid når all innsett kapital er godtgjort med 6 prosent avkasting. Gjennomsnittleg lønsevne per time er rekna ut til 74 kr per time for dei 13 samdriftene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Ser vi på vederlag for alt arbeid og eigenkapital, der berre lånt kapital er godtgjort på grunnlag av betalte renter, er vederlaget per time for samdriftene på Nordvestlandet kr 119 per time.

Sjølv om timesatsane ikkje er samanliknbare, er konklusjonen om lag den same. Oppnådd arbeidsgodtgjering på dei store samdriftene er om lag som for resten av mjølkeprodusentane i dei respektive regionane alt etter kva resultatmål ein nyttar. Samanlikna med andre næringar er lønsemda i mjølkeproduksjonen låg.

#### 6.1.4 Investeringar på driftsgranskingsbruk

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking utførte ei spesialgranskning i 2010 som tok for seg 19 bruk som investerte meir enn kr 500 000 i 2006. Bruka i undersøkinga er frå heile Noreg, men undersøkinga er ikkje nødvendigvis representativ for norsk landbruk. Driftsformene til bruken var spesialisert mjølkeproduksjon, spesialisert svineproduksjon eller ein kombinasjon av mjølke- og svineproduksjon. Investeringane var i stor grad av nyanlegg i driftsbygningar og i fast teknisk utstyr.

Spesialgranskninga presenterte tal frå 2005 til 2008 for å følgje den økonomiske utviklinga før, under og etter investeringa for bruken som investerte, men den presenterte også tal frå ei referansegruppe som bestod av 38 liknande bruk som ikkje investerte i 2006.

Bruken som investerte i 2006, hadde ei positiv utvikling i diverse resultatmål, men referansegruppa eller bruken som ikkje investerte, hadde ei minst like positiv utvikling for dei same resultatmåla. Produksjonsinntektene auka med 64 prosent og 28 prosent for høvesvis bruk med og utan investering, medan driftsoverskotet i jordbruket auka med 52 prosent og 43 prosent for hhv. bruk med og utan investeringar. Eit mykje brukt resultatmål i jordbruket er vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, og denne storleiken hadde auka med 22 prosent og 36 prosent for høvesvis bruk med og utan investeringar. Dette seier oss at inntektene auka meir hos bruk som investerte, men at kostnader som renteutgifter, avskrivningar, variable kostnader og faste kostnader også auka meir hos bruken som investerte. I tillegg kjem det fram at resultatmål som inkluderer alle kostnadene, viser betre resultatmål hos bruken som ikkje investerte. Det er likevel ein del teikn på at bruken som investerte, vil ha ei meir positiv utvikling i åra etter 2008. Dei viser blant anna ein betre trend frå 2007 til 2008 enn bruken som ikkje investerte for dei fleste resultatmåla. Åra etter 2008 har hatt lågare rentenivå enn 2005–2008, og det er ein viktig faktor for bruk som investerer og resultatmåla deira.

## 6.2 Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk

I ei undersøking blant utbyggingsbruk med økonomiske problem (Nergaard, 1988) vart det kartlagt kva type utbyggingsbruk som fekk økonomiske problem og kva som var årsakene til problema. Bruka hadde hatt større utbygging i åra 1978–1982 finansiert gjennom Statens landbruksbank. To grupper med utbyggingsbruk vart undersøkte, ei gruppe som hadde hatt refinansiering og ei som ikkje hadde hatt.

I undersøkinga vart det påpeika at endringar i rammevilkåra var ei viktig årsak til problema. Ein kraftig auke i realrente kombinert med overproduksjon i jordbruket. Overproduksjonen medførde kostbare marknadsreguleringstiltak. I tillegg vart det innført kvoteordning for mjølk. Fellestrekk for bruka som vart refinansierte, var at dei hadde eit svakare ressursgrunnlag før utbygging, det vil seie mindre areal og produksjonsgrunnlag i form av buskap i tillegg til høgare gjeldsdel. Det var også i stor grad yngre brukarar i gruppa blant dei som refinansierte. Utbyggjarane oppnådde 90 prosent av planlagt avling, 95 prosent av planlagt avdrått. Årsaka var driftsproblem i startfasen. Berre 50 prosent av dei som hadde refinansiering, oppnådde planlagt driftsresultat frå driftsplan. Mange av bruka hadde også bygt ut større enn det som var planlagt. Utbyggingskostnad var overskriden i høve til budsjett blant 62 prosent av bruka som hadde refinansiert. I tillegg hadde dei investert i andre ting enn det som var planlagt, med andre ord ikkje følgt driftsplanen.

Privatforbruket var planlagt for lågt i driftsplanane for 41 prosent av bruka med økonomiske problem. Dette var ei av årsakene til dei økonomiske vanskane. For å unngå liknande problem framover, vart det påpeika at ein ikkje må planlegge for stort i forhold til ressursgrunnlag og innteningsevne. Det er også viktig for utbyggjar å følgje driftsplan og ikkje føreta unødvendige investeringar.

NILF utarbeidde på oppdrag frå Statens landbruksbank modellar for utbyggingsbruk frå 1978 til 1987 på grunnlag av innsamla rekneskapsmateriale. Bak modellane låg det 15–20 typebruk. Formålet var å vise den økonomiske situasjonen på utbyggingsbruk over tid. I ein NILF-rapport basert på dette materialet (Robbestad, 1994) vert det sett på kor realistiske driftsplanane var, korleis investeringane samsvarer med budsjett, økonomisk utvikling og årsaker til økonomiske vanskår.

I undersøkinga kom det fram avvik frå driftsplanane med tanke på arbeidsforbruk. Arbeidsforbruket var høgare enn det som låg i planane. Det vart investert 10–30 prosent meir enn planlagt, spesielt i maskiner og reiskap. Driftsresultatet to år etter investering var lågare enn planlagt grunna lågare inntekter, og mellom fem og ti prosent av bruka hadde negativ lønsevne. Tredje året auka driftsoverskotet mykje. Totalt sett hadde bruka i modellen i middel tilfredsstillande betalingsevne over tid. Nokre av bruka hadde likevel svak utvikling. Årsaker til økonomiske problem var for lang utbyggingsperiode og høgare investeringar enn planlagt med påfølgjande høg gjeld. Problem med sjølv gardsdrifta var ikkje årsak til svak økonomi. Også i denne undersøkinga var endring i rammevilkår som auka realrente, kvoteavgrensing av produksjonen og generell svak utvikling av økonomien i landbruket medverkande årsaker til økonomiske problem på utbyggingsbruka.

# 7 Oppsummering og konklusjon

---

## 7.1 Konklusjon

Rekneskapsundersøkinga viser at den økonomiske situasjonen på utbyggingsbruken i middel er om lag som for snittbruket for mjølk på Vestlandet. Alt etter kva resultatmål vi nyttar, varierer resultat i pluss og minus samanlikna med referansegruppa. Relativt høgt rentenivå i 2008 påverkar resultatet for utbyggingsbruken negativt. Prosjektbruken ser ut til å ha fått god effekt av jordbruksfrådraget. Undersøkinga viser at det mogeleg å byggje ut for mjølkeproduksjon på Vestlandet i større målestokk også under dei rammevilkåra som galdt i den undersøkte perioden sjølv om innteninga dei første åra ikkje er tilfredsstillande samanlikna med andre yrkesgrupper. Stadige endringar i rammevilkåra gjer det vanskeleg for produsentar som vurderer å bygge ut, å satse.

Å vurdere driftsplan i høve til resultat viste seg å vere vanskeleg på grunn av kompleksiteten i organisering av samdrifter og dagens planleggingsverktøy. Ein saknar eit tilpassa verktøy som utvikla plan i høve til rekneskap slik at det var enkelt å etterprøve resultata. Stort sett er resultata i tråd med driftsplanane. Hovudårsaka til avvik er kraftig auka produksjonsomfang i høve til det som var planlagt for. I middel var driftsresultatet nokså nær det som var budsjettert i driftsplan. Unnataket er for låge faste kostnader, avskrivingar og renteutgifter i driftsplan i høve til oppnådd resultat.

Spørjeundersøkinga viser at prosjektbruken er godt nøgde med kvardagen. Ingen angrar på utbygginga, dei trives godt og synest dei har gode arbeidsforhold etter utbygginga. Dei oppfattar også eigen økonomi om lag som gjennomsnittet i landbruket, noko rekneskapsgjennomgangen stadfestar. Årsaka til at produsentane i så høg grad er tilfredse, kan vere at det at intervjuet ikkje er i takt med rekneskapsåret, og dermed kan vere påverka av siste resultatåret.

## 7.2 Punktvis oppsummering

### 7.2.1 Rekneskapsanalyse

- Snittareal per driftseining i utvalet for prosjektet er vel 600 dekar, meir enn dobbelt så stort som middelet i driftsgranskningane for mjølkeproduksjon på Vestlandet
- Avlingsnivået i middel for prosjektbruken er om lag 10 prosent høgare enn for snittbruket på Vestlandet, høgare i Møre og Romsdal enn i Sogn og Fjordane
- Tal årskyr varierer i gruppene frå 30 på enkeltbruk til 62 blant produsentar med robotfjøs. Samanlikningsgruppa *Vestlandet* har halvparten så mange årskyr som gruppa *Alle prosjektbruk*
- Innsett jordbrukskapital ligg rundt kr 160 000 per årsku med unnatak av enkeltbruken som ligg rundt kr 200 000. For Vestlandet er innsett kapital kr 115 000
- Tilgang på grovfførareal per årsku er større i Møre og Romsdal enn i Sogn og Fjordane
- Mjølkeyting varierer lite mellom gruppene i prosjektet, høgst for Robotfjøs og lågast for Vestlandet med høvesvis 7 864 kg og 7 078 kg per årsku.
- Alle gruppene hadde produsert noko mindre mjølk enn mjølkekvote i 2008
- Enkeltbruk har 1 000 fleire arbeidstimar per aktive deltakar enn Samdrifter
- Robotfjøs har mindre kostnader til medisin og veterinær per årsku enn Bruk utan robot, omlag kr 300 i skilnad per årsku

- Robotfjøs har også dei lågaste variable kostnadene per årsku. Bruk utan robot har høgast, ulikt omfang av kjøtproduksjon er hovudårsak
- Robotfjøs har lågast kostnader til leid arbeid og avløysar per årsku. Bruk utan robot har høgast
- Vedlikehald av driftsbygning per årsku: Robotfjøs har lågast og Vestlandet har høgast. Årsak er mindre behov for vedlikehald etter utbygging
- Alle prosjektbruk har kr 3 500 i kostnader til maskinleige og leasing per årsku. Vestlandet har berre kr 2 000 per årsku
- Administrasjonskostnader per årsku: Vestlandet har høgast. Samdrifter har større kostnader til administrasjon enn enkeltbruk
- Faste kostnader per årsku: Robotfjøs har lågast. Bruk utan robot har høgast.
- Alle prosjektbruk samanlikna med Vestlandet målt per årsku:
  - Resultat før avskrivingar per årsku: Vestlandet = Alle prosjektbruk
  - Driftsoverskot, jordbruk per årsku: Vestlandet > Alle prosjektbruk
  - Familiens arbeidsforteneste: Vestlandet > Alle prosjektbruk
  - Vederlag til alt arbeid og eigenkapital: Vestlandet < Alle prosjektbruk
  - Lønsevne per time: Vestlandet > Alle prosjektbruk
- Renteutgifter per årsku: Robotfjøs har over kr 8 000 per årsku. Bruk utan robot har under kr 5 000
- Eigenkapitalprosent er over 40 prosent for alle bruk. Dette viser at soliditeten er god i alle gruppene
- Langsiktig gjeld per årsku: Robotfjøs har høgast. Vestlandet har lågast
- Likviditetsgrad 1: Bra. Alle har over 2 (200 %). Bruk utan robot har lågast
- Likviditetsgrad 3: Alle gruppene ligg over tilrådd nivå. Robotfjøs har ei særdeles høg likviditetsgrad 3 med over 2,5 (250 %).

### 7.2.2 Driftsplan og budsjett samanlikna med resultat

- Stor spreiing i investert beløp, det varierer frå 1,5 til 9,3 mill. kroner
- Gjennomsnittleg investert beløp ligg 5 prosent over investeringsbudsjett – ingen tydeleg trend den eine eller andre vegen
- Stor spreiing i resultatet, standardavvik på kr 900 000
- Produksjonsomfang og ressursgrunnlag mykje høgare enn i driftsplan
- Høgare produksjonsinntekter og –kostnader
- Driftsoverskot 4 prosent høgare enn i driftsplan, stor variasjon også her
- Rask endring i rammevilkår har medført avvik i resultat i høve til plan

### 7.2.3 Spørjeundersøking

- Hovudårsaka til investeringa var eit ønske om fornying av utstyr og bygningar hos dei fleste respondentane.
- Få uføresette problem i startfasen.
- Ikkje høgare arbeidsforbruk etter investeringa i jordbruket
- Respondentane føler seg utsette for politiske endringar og tilskotskutt
- Respondentane meiner økonomien i norsk landbruk er svak og at deira eigen økonomi er svak i forhold til andre yrkesgrupper.
- Særslig nøgde med kvardagen etter investeringa og den daglege drifta.
- Fått meir fritid
- Ingen angrar på investeringa.

## 7.2.4 Namdalens

- Stor variasjon i gjeldsnivå på grunn av tidspunkt for utbygging
- Den første perioden etter innflytting i nytt fjøs har medført til dels store driftsproblem i nokre samdrifter
- Effektiviteten varierer mykje også når samdriftene har komme seg i ordinær drift
- Faste kostnader som maskinkostnader og leigekostnader varierer mykje
- Tilfredse med drift og driftsleiring
- Mistar noko sjølvstende etter å ha gått inn i samdrift
- Tilfredse med ordna ferie og fritid
- Usikre på framtida grunna økonomien

## 7.2.5 Investeringar på driftsgranskingsbruk

- Det er viktig å sjå utviklinga til bruk som har investert over tid, slik at ein får det rette bildet av økonomien til bruken over tid

## 7.2.6 Eldre undersøkingar på utbyggingsbruk

- Store endringar i rammevilkår kan skape økonomiske problem etter utbygging
- For stor utbygging i forhold til ressursgrunnlag gav økonomiske problem
- Avvik frå driftsplan medverkande årsak til problema. Gruppa med størst vanskar hadde investert 62 prosent over budsjett i driftsplan
- Lågare inntekter enn planlagt første to år på grunn av innkjøringsvanskar, betring etter tre år



# Referansar

---

- Eklund, T. og Knutsen, K., 1988. *Regnskapsanalyse – Aktiv bruk av regnskapet*, Universitetsforlaget.
- Fylkesmannen i Nord-Trøndelag. 2010. *Lykkelig som stor?*  
<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=3045&amid=3017116>. Dato 18.mai 2010
- Haukås, T., I. Hovland og A. Olsen. 2007. *Gjelds- og driftskredittundersøkelse på bakgrunn av driftsgranskingsmaterialet for 2006*. NILF-notat 2007-18. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Haukås, T., A. Olsen og H. Knutsen. 2010. *Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 1999–2008*. NILF-notat 2010-7. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Nergaard, M. 1988. *Utbyggingsbruk med økonomiske problemer*, NILF forskningsmelding A-006-88. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF, 2009. *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Robbestad, S. 1994. *Økonomisk utvikling på utbyggingsbruk*, NILF-rapport C-031-94. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L.R., 2010. *Investeringar på driftsgranskingsbruk*, NILF-spesialgranskning, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Upublisert per 15. juni 2010.
- Statens landbruksforvaltning, 2008. <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/statistikk?index=0>. Dato 10. juni 2010.



# Vedlegg. Rekneskapsanalyse for gruppene

Sammendrag for ulike produksjoner	Produksjon	Vestlandet mjølk	Alle Prosjektbruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Samdrifter	Enkeltbruk	Robotfjøs	Utan robot	Høggruppe	Låggruppe
	Enhet	64	19	8	11	13	6	5	14	6	6
<b>Arealbruk</b>											
<b>Sum jordbruksareal</b>	daa	263	626	544	686	670	532	739	586	467	563
- herav leid	daa	98	217	226	210	247	151	305	185	201	198
Bygg	daa	7	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Grovfør og beite	daa	255	623	544	682	666	532	739	582	467	563
<b>Avlinger per daa</b>											
<b>Avlinger i alt</b>	FEm	385	430	380	459	428	435	458	418	405	464
Bygg	FEm	309	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Grovfør og beite	FEm	387	430	380	459	428	435	458	418	405	464
Poteter	FEm	274	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Grønnsaker, annet	kg	5 000	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Gulrot	kg	0	5 500	0	5 500	5 500	0	0	5 500	0	0
Kålrot	kg	1 308	5 000	0	5 000	5 000	0	0	5 000	0	0
<b>Eiendeler</b>											
<b>Eiendeler i jordbruket 31.12</b>	kr	2 065 200	7 240 094	7 788 500	6 893 981	7 783 688	6 062 306	10 014 606	6 290 625	6 293 714	6 943 474
- herav varelager, inkl. slaktedyr	kr	156 656	476 220	421 082	516 320	537 397	343 669	312 137	534 820	545 590	222 389
- herav buskap inkl. avlsdyr	kr	215 111	531 247	557 895	511 866	594 751	393 655	726 132	461 645	463 253	513 567
- herav traktor, maskiner og redskaper	kr	348 034	973 735	1 077 478	898 287	1 084 577	733 578	1 031 073	953 258	978 167	622 929
- herav driftsbygninger	kr	938 718	4 236 469	4 912 339	3 797 655	4 501 077	3 663 153	6 992 200	3 293 709	3 640 452	4 854 920
<b>Størfe</b>											
Årskyr	stk	18,5	44,4	47,3	42,3	50,9	30,4	61,7	38,2	40,5	43,4
Kviger over ett år	stk	9,4	24,7	24,8	24,5	27,8	17,9	33,1	21,6	21,1	22,8
Okser over ett år	stk	3,1	14,1	12,9	15,0	16,5	9,0	5,9	17,1	19,6	4,3
Melk per årsku	kg	7 078	7 720	7 754	7 691	7 773	7 528	7 864	7 636	8 156	7 685
Omsatt melk	liter	116 795	300 012	325 645	281 369	346 350	199 612	431 073	253 204	295 903	293 824
Melkekvote	liter	124 563	314 434	330 739	302 575	362 767	209 712	456 202	263 802	294 147	318 592
Omsatt kjøtt : Ku	kg	2 028	4 700	5 387	4 200	5 696	2 542	5 554	4 395	5 661	3 375
Kviger over 1 år	kg	207	387	354	411	518	103	314	413	373	153
Kviger under 1 år	kg	68	49	116	0	72	0	11	63	146	9
Okser over 1 år	kg	1 601	6 098	7 255	5 257	6 177	5 926	4 650	6 615	10 693	1 283
Okser under 1 år	kg	213	1 291	1 093	1 435	1 863	51	0	1 752	1 457	0
<b>Sauehold</b>											
Vinterföra sau	stk	4,3	13,6	32,4	0,0	19,9	0,0	24,2	9,9	11,7	11,5
Sauer under 1 år	stk	1,6	4,5	10,6	0,0	6,5	0,0	8,8	2,9	2,8	3,8
Gagnslam per vinterföra sau	stk	1,1	1,5	1,5	0,0	1,5	0,0	1,7	1,3	1,4	1,6
Omsatt kjøtt : Sau	kg	29,6	59,3	140,8	0,0	86,6	0,0	146,2	28,2	65,8	46,2
Lam	kg	78	318	754	0	464	0	626	208	301	269
Omsatt ull	kg	21	34	80	0	49	0	75	19	31	36
<b>Priser</b>											
Melk - ku	kr/liter	3,92	3,96	4,01	3,92	3,95	4,01	3,91	3,99	3,99	3,95
Kukjøtt	kr/kg	33,10	34,61	35,63	33,66	34,94	33,00	34,84	34,51	36,24	33,03
Annet storfekjøtt	kr/kg	39,85	40,83	40,55	41,08	40,67	41,32	39,74	41,05	40,74	40,04
Lammekjøtt	kr/kg	42,59	42,73	42,73	0,00	42,73	0,00	42,66	42,81	44,62	42,89
Saukjøtt	kr/kg	18,07	22,88	22,88	0,00	22,88	0,00	23,51	21,73	21,73	27,21
Ull	kr/kg	31,55	38,05	38,05	0,00	38,05	0,00	41,68	32,94	32,37	46,44
<b>Arbeidsinnsats</b>											
Arbeidsinnsats i alt (jordbruket)	Timer	3 211	5 411	4 938	5 755	5 564	5 080	5 718	5 301	4 760	5 292
- herav leid ubetalt	Timer	248	403	321	463	272	687	490	372	229	379
- herav familien	Timer	2 541	4 146	4 267	4 059	4 635	3 088	5 150	3 788	4 008	4 456

Sammendrag for ulike produksjoner		Produksjon	Vestlandet mjølk	Alle Prosjektbruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Samdrifter	Enkeltbruk	Robotfjøs	Utan robot	Høggruppe	Låggruppe
		Enhets	64	19	8	11	13	6	5	14	6	6
<b>Produksjonsinntekter i jordbruket</b>												
Storfe	Melk	kr	457 750	1 189 038	1 305 636	1 104 240	1 368 384	800 455	1 686 209	1 011 477	1 179 253	1 161 003
0 Kukkjøtt		kr	79 195	185 303	183 381	186 700	209 945	131 912	214 775	174 777	164 423	181 171
Annet storfekjøtt		kr	90 901	392 725	388 369	395 892	442 494	284 891	290 182	429 347	547 806	126 082
Sau	Livdyr, storfe	kr	22 594	29 607	15 385	39 951	32 795	22 701	47 152	23 342	4 839	57 155
Lammekjøtt		kr	3 352	13 840	32 869	0	20 227	0	26 937	9 162	13 849	11 629
Saukjøtt		kr	1 404	3 487	8 281	0	5 096	0	6 795	2 305	2 439	2 508
Livdyr, sau og lam		kr	141	1 013	2 406	0	1 481	0	3 850	0	0	2 167
Ull		kr	678	1 295	3 077	0	1 893	0	3 126	641	1 018	1 680
<b>Husdyrprodukter i alt</b>		kr	659 644	1 816 481	1 939 783	1 726 807	2 082 569	1 239 958	2 279 684	1 651 052	1 913 823	1 543 747
Bygg		kr	3 751	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre planteprod. og grovfør, inkl. balanseendr.		kr	15 965	48 579	28 695	63 041	54 787	35 129	23 073	57 689	32 136	22 238
Poteter		kr	74	287	611	51	419	0	978	40	93	570
Grønnsaker annet		kr	146	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Gulrot		kr	0	21 384	0	36 936	31 254	0	0	29 021	0	0
Kålrot		kr	1 190	3 914	0	6 761	5 721	0	0	5 312	0	0
<b>Planteprodukter i alt</b>		kr	21 126	74 165	29 306	106 789	92 181	35 129	24 051	92 062	32 229	22 808
Arealtilskudd grovfør		kr	36 812	78 944	80 734	77 642	89 546	55 973	95 856	72 904	67 601	79 012
Arealtilskudd korn		kr	1 918	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Arealtilskudd potet		kr	6	3	6	0	4	0	10	0	0	8
Arealtilskudd grønnsaker, frukt og bær		kr	63	695	0	1 200	1 015	0	0	943	0	0
Kulturlandskapstilskudd		kr	48 146	110 464	95 637	121 248	113 363	104 184	109 185	110 922	87 929	88 111
Produksjonstilskudd, husdyr		kr	75 701	146 066	160 216	135 775	161 526	112 570	170 321	137 404	148 043	132 232
Økologiske tilskudd :	Areal	kr	401	926	0	1 600	0	2 933	0	1 257	0	2 933
	Husdyr	kr	2 073	2 326	0	4 018	0	7 367	0	3 157	0	7 367
	Omlegging	kr	454	193	0	334	283	0	0	263	613	0
Regionale miljøtilskudd		kr	2 633	7 542	10 556	5 350	8 911	4 575	7 027	7 726	5 614	8 071
Beitetilskudd		kr	9 828	21 360	30 152	14 966	25 541	12 302	31 806	17 629	19 327	20 359
Driftstilskudd :	Kumelk	kr	61 191	89 537	93 225	86 855	103 262	59 800	95 680	87 343	91 933	89 700
	Ammeku og sau	kr	0	995	2 363	0	1 454	0	1 350	868	925	500
Distriktsstilskudd :	Storfekjøtt	kr	18 980	60 677	63 356	58 729	71 373	37 503	48 077	65 177	80 044	22 745
	Saukjøtt	kr	562	1 604	3 809	0	2 344	0	3 321	990	1 582	1 339
	Kumelk	kr	40 989	104 463	114 118	97 442	121 519	67 508	150 270	88 104	102 817	100 850
	Saukjøtt	kr	369	1 337	3 175	0	1 954	0	2 820	807	1 285	1 201
Refusjon av avløserutgifter		kr	50 441	83 272	104 355	67 939	92 885	62 444	131 571	66 022	68 565	102 836
Andre tilskudd / trygder		kr	3 074	5 924	6 969	5 164	6 258	5 200	5 577	6 048	11 596	6 767
Leieinntekter av traktor og redskap		kr	12 902	33 139	28 626	36 420	36 421	26 026	19 337	38 068	19 384	21 842
Traktor i skog og på nyanlegg		kr	1 509	2 819	6 329	267	4 082	83	9 526	424	246	371
Salg av melkekvote		kr	426	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Andre inntekter		kr	1 524	13 861	29 704	2 339	20 819	-1 215	48 456	1 506	16 443	4 114
Bunnfradrag		kr	-4 188	-10 158	-13 125	-8 000	-13 000	-4 000	-15 200	-8 357	-9 500	-10 000
<b>Andre inntekter i alt</b>		kr	365 970	755 989	820 203	709 288	849 559	553 254	914 989	699 203	714 445	680 358
<b>Produksjoneinntekter i alt</b>		kr	1 046 739	2 646 635	2 789 292	2 542 884	3 024 309	1 828 341	3 218 723	2 442 318	2 660 497	2 246 913

Sammendrag for ulike produksjoner	Produksjon	Vestlandet mjølk	Alle Prosjektbruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Samdrifter	Enkeltbruk	Robotfjøs	Utan robot	Høggruppe	Låggruppe
	Enhets	64	19	8	11	13	6	5	14	6	6
<b>Variable kostnader</b>											
Såkorn, annet såfrø og planter	kr	4 231	9 832	12 105	8 179	12 210	4 679	9 940	9 793	13 862	4 265
Settepoteter og kjøp av frukttrær	kr	62	18	44	0	27	0	70	0	0	0
Handelsgjødsel	kr	34 307	90 718	78 378	99 693	97 027	77 048	88 619	91 468	73 432	82 152
Kalk	kr	2 251	4 293	4 072	4 454	2 826	7 470	4 328	4 280	1 989	1 238
Plantevernmidler	kr	2 597	6 420	4 073	8 127	6 194	6 912	4 341	7 163	4 286	4 304
Kraftfør	kr	197 601	511 791	597 445	449 497	572 864	379 466	671 025	454 921	543 386	464 333
Grovfôr og slått	kr	12 076	63 710	88 323	45 809	87 006	13 234	128 445	40 590	45 311	81 039
Annet grovfôr, balanseendring	kr	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Konserveringsmidler	kr	7 392	22 919	21 308	24 091	25 739	16 810	22 905	22 924	20 974	19 464
Andre forbruksartikler	kr	28 617	83 370	68 551	94 148	97 512	52 730	67 876	88 904	66 963	53 896
Kjøp av storfe	kr	22 912	65 666	39 434	84 745	81 723	30 877	48 288	71 873	68 120	40 319
Kjøp av sau	kr	228	311	739	0	455	0	360	294	685	300
Medisin	kr	2 530	7 106	8 824	5 857	7 946	5 286	7 756	6 874	9 929	4 991
Veterinær og inseminering mv.	kr	24 392	51 300	50 016	52 234	58 636	35 405	60 673	47 953	42 493	42 705
Tjenester i husdyrholdet	kr	1 919	7 595	7 652	7 553	10 451	1 407	15 237	4 865	7 361	10 755
<b>Sum variable kostnader</b>	kr	341 289	925 050	980 964	884 385	1 060 615	631 325	1 129 863	851 902	898 792	809 758
<b>Faste kostnader</b>											
Leid arbeid (arbeidsgiveransvar)	kr	16 540	60 453	44 335	72 175	70 718	38 211	17 082	75 942	96 128	26 988
Avløser	kr	55 246	71 922	49 638	88 129	66 132	84 468	7 023	95 101	46 994	49 184
Drivstoff	kr	23 347	58 509	46 042	67 576	65 482	43 401	59 512	58 151	44 404	41 511
Vedlikehold : Traktor	kr	14 308	28 119	30 676	26 259	35 069	13 059	35 599	25 447	19 560	21 305
Maskiner og redskap	kr	30 750	85 651	89 018	83 202	96 821	61 448	112 417	76 091	58 534	106 754
Yrkesbil	kr	168	224	248	207	152	380	396	163	0	330
Vedlikehold driftsbygning : Bygningsdel	kr	17 586	29 566	41 094	21 183	33 877	20 227	42 571	24 922	19 195	24 250
Teknisk del	kr	7 677	13 844	17 075	11 495	18 108	4 607	4 338	17 239	12 936	4 882
Leie av bygninger	kr	1 765	6 211	125	10 636	9 077	0	200	8 357	19 000	167
Vedlikeh. jord, grøfter, vannanl., frukt og bærhage	kr	6 948	19 699	18 485	20 582	21 173	16 504	25 792	17 523	12 278	27 198
Maskinleie	kr	17 649	88 602	80 881	94 216	120 437	19 625	174 219	58 024	116 770	111 812
Leasing : Traktor og maskiner	kr	20 656	53 661	19 429	78 557	54 615	51 594	20 685	65 438	10 268	18 324
Bygninger og inventar	kr	181	14 664	0	25 328	21 432	0	0	19 901	0	0
Annet	kr	0	771	0	1 331	0	2 440	0	1 046	0	0
Kvoteleie	kr	846	5 525	13 122	0	8 075	0	20 994	0	10 857	0
Leie av dyr	kr	1 406	533	1 266	0	779	0	2 026	0	0	0
Jordleie	kr	5 616	16 554	18 185	15 369	19 767	9 594	21 286	14 865	22 952	7 035
Forsikringer	kr	20 678	43 580	50 098	38 840	55 196	18 412	54 324	39 743	46 394	28 513
Elektrisk kraft	kr	23 253	62 475	64 291	61 155	72 988	39 698	94 557	51 017	51 679	69 871
Olje til oppvarming	kr	232	174	0	301	255	0	0	237	0	0
Vannavgift	kr	1 031	2 041	3 892	695	2 411	1 239	5 767	711	2 040	3 012
Administrasjon	kr	14 523	28 925	30 555	27 740	36 700	12 080	34 745	26 847	26 465	22 867
Privatbil i jordbruket	kr	12 457	19 899	19 514	20 179	22 541	14 175	23 908	18 467	13 063	23 090
Regnskapstjenester	kr	10 646	29 105	32 886	26 355	35 201	15 898	45 209	23 354	23 884	28 536
Telefon og IT-kostnader	kr	7 318	13 132	14 073	12 448	15 452	8 107	24 034	9 239	7 581	17 991
Andre driftsutgifter	kr	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Faste kostnader i alt ekskl. avskrivninger</b>	kr	311 005	753 840	684 927	803 958	882 459	475 165	826 684	727 824	660 982	633 620

Sammendrag for ulike produksjoner		Produksjon	Vestlandet mjølk	Alle Prosjektbruk	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Samdrifter	Enkeltbruk	Robotfjøs	Utan robot	Høggruppe	Låggruppe
	Enhets		64	19	8	11	13	6	5	14	6	6
<b>Resultatregning</b>												
Jordbruk	+ Produksjonsinntekter i alt	kr	1 046 739	2 646 635	2 789 292	2 542 884	3 024 309	1 828 341	3 218 723	2 442 318	2 660 497	2 246 913
	- Variable kostnader i alt	kr	341 289	925 050	980 964	884 385	1 060 615	631 325	1 129 863	851 902	898 792	809 758
	= Dekningsbidrag inkl. tilskudd	kr	705 450	1 721 585	1 808 328	1 658 499	1 963 694	1 197 016	2 088 861	1 590 416	1 761 704	1 437 155
	- Faste kostnader i alt	kr	311 005	753 840	684 927	803 958	882 459	475 165	826 684	727 824	660 982	633 620
	= Resultat før avskrivinger	kr	394 445	967 746	1 123 402	854 541	1 081 235	721 851	1 262 176	862 592	1 100 722	803 535
	- Avskrivinger i alt	kr	102 727	310 780	373 624	271 439	347 225	231 816	477 609	256 198	275 655	321 601
	- herav Traktor	kr	21 305	48 160	60 411	39 250	56 206	30 728	55 590	45 506	49 287	30 276
	Maskiner og redskap	kr	21 048	45 189	38 981	49 705	47 194	40 847	43 346	45 848	43 327	33 051
	Driftsbygning bygningsdel	kr	45 993	166 318	195 157	151 708	179 901	136 891	262 079	137 118	129 809	199 748
	Driftsbygning teknisk del	kr	12 078	44 784	68 798	27 319	54 907	22 850	111 700	20 885	52 514	54 448
	= Driftoverskudd	kr	291 719	656 966	749 777	583 102	734 010	490 036	784 567	606 393	825 067	481 933
Skogbruk	+ Driftoverskudd	kr	3 436	1 203	11 831	-6 526	3 300	-3 339	15 167	-3 784	14 092	-4 457
Tilleggsnær.	+ Driftoverskudd	kr	23 130	66 607	71 851	62 793	80 632	36 219	88 673	58 726	37 357	66 202
Anna næring	+ Driftoverskudd	kr	3 765	38 344	103 921	-9 349	65 744	-21 023	73 961	25 623	5 593	62 831
	- Renteutgifter	kr	74 975	271 117	303 304	247 708	315 198	175 609	515 743	183 751	173 106	391 848
	- Kår	kr	8 621	7 647	10 288	5 727	8 754	5 250	19 160	3 536	5 250	8 717
<b>+ Driftoverskudd i jordbruket</b>		kr	291 719	656 966	749 777	583 102	734 010	490 036	784 567	606 393	825 067	481 933
- Kalkulert rente av eiendeler i jordbr.		kr	117 661	427 249	465 125	403 058	460 383	355 460	592 712	370 791	375 793	404 117
<b>= Familiens arbeidsfortj. i jordbruket</b>		kr	174 058	229 716	284 652	180 044	273 627	134 575	191 855	235 602	449 274	77 816
+ Leid arbeid		kr	71 787	132 375	93 973	160 304	136 851	122 679	24 105	171 043	143 122	76 172
<b>= Lønnsevne i alt</b>		kr	245 845	362 091	378 625	340 349	410 478	257 254	215 960	406 645	592 396	153 988
<b>Familiens arbeidsfortj. i jordbruket per årsverk</b>		kr	115 117	93 166	114 485	73 469	102 888	65 781	62 757	104 506	195 636	29 695
<b>Vederlag til alt arbeid og egenkapital</b>		kr	316 593	598 730	636 659	564 981	662 977	461 319	495 792	635 275	848 523	321 655
<b>Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk</b>		kr	181 892	204 152	237 871	181 134	219 846	167 557	159 964	221 100	328 892	112 138
<b>Vederlag etter inntektsvirk. av jordbr.fradrag/årsverk</b>		kr	209 295	235 374	282 055	204 266	255 845	187 442	203 242	247 677	367 621	143 592
<b>Lønnsevne per time</b>		kr	76,56	66,92	76,67	59,14	73,78	50,64	37,77	76,71	124,45	29,10
<b>Familiens arbeidsfortj. i jordbruket per time</b>		kr	68,49	55,40	66,71	44,36	59,04	43,58	37,25	62,20	112,10	17,46
<b>Vederlag til alt arbeid og egenkapital per time</b>		kr	98,59	110,65	128,93	98,18	119,16	90,82	86,70	119,84	178,26	60,78
<b>Vederlag etter inntektsvirk. av jordbr.fradrag/time</b>		kr	113,44	127,57	152,88	110,71	138,67	101,59	110,16	134,24	199,25	77,83